


OFFENTLEG

STYREMØTE I HELSE VEST IKT AS



INNKALLING TIL STYREMØTE HELSE VEST IKT AS

STAD: Kronstad X
MØTETIDSPUNKT: Fredag 08.12.2023, kl. 10.30 – 14.00

GÅR TIL:

Styremedlemmer

Anders Hovland	Medlem
Helle Kristine Schøyen	Medlem
Beate Sander Krogstad	Medlem
Arve Varden	Medlem
Eivind Gjerdal	Medlem
Eivind Hansen	Medlem
Stian Hoell	Medlem
Agnete Sjøtun	Medlem
Silje Ljosland Bakke	Medlem
Merethe Nygård	Medlem

Styremøtet er ope for publikum og presse

Bergen, 01. desember 2023
Helse Vest IKT AS

Inger Cathrine Bryne
Styreleiar

SAKSLISTE:**UNDERLAG:**

OPNE SAKER

Sak	59/23 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak	60/23 B	Protokoll frå styremøte i Helse Vest IKT AS 09.06.2023	Vedlagt
Sak	61/23 O	Administrerande direktør si orientering	Vedlagt
Sak	62/23 B	Rapport frå verksemda oktober 2023	Vedlagt
Sak	63/23 B	Budsjett 2024	Vedlagt
Sak	64/23 B	Utkast til årleg melding 2023	Vedlagt
Sak	65/23 B	Godkjenning av revidert utviklingsplan	Vedlagt
Sak	66/23 B	Gjennomgang av styrande dokumenter	Vedlagt

LUKKA SAKER

Sak	67/23 B	Budsjett investeringar Helse Vest IKT 2024	Vedlagt
Sak	68/23 B	Status IKT-sikkerheit	Vedlagt
Sak	69/23 O	Status leverandørrisiko	Vedlagt
Sak	70/23 B	Styret sin eigenvurdering og vurdering av adm.dir	Vedlagt

Sak 71/23 Eventuelt

Styret sitt kvarter

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST IKT AS

STAD: Teams

MØTETIDSPUNKT: 09.11.2023, 08:30 – 11:30

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Inger Cathrine Bryne

Helle Kristine Schøyen

Anders Hovland

Beate Sander Krogstad

Arve Varden

Eivind Gjemdal

Eivind Hansen

Stian Hoell

Agnete Sjøtun

Silje Ljosland Bakke

Merethe Nygård

FORFALL FRA STYRET

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Ole Jørgen Kirkeluten

Harald Flaten

Ørjan Andersen

Vidar Råheim

Fredrik Eldøy

Pål Gaute Sætre

Kristin Farestvedt

Ole Fredrik Gulbrandsen

Leif Nordland

Møtedokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje handskrivne signaturar

Saksliste:

Opne saker

Sak 48/23 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 49/23 B	Protokoll frå styremøte i Helse Vest IKT AS 29.09.2023
Sak 50/23 O	Administrerande direktør si orientering
Sak 51/23 B	Rapport frå verksemda september 2023
Sak 52/23 B	Internkontroll og kvalitetsforbetring
Sak 53/23 D	Budsjett 2024 utkast
Sak 54/23 O	Utkast til revidert utviklingsplan Helse Vest IKT
Sak 55/23 B	Søknad om utvida langsiktig finansiering

Lukka saker

Sak 56/23 B	Sikre utstyr som ikkje let seg oppdatere
Sak 57/23 B	Lønnsoppgjør Adm dir 2023
Sak 58/23	Eventuelt

Styret sitt kvarter

Opne saker

Sak 48/23 B

Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjente innkalling og dagsorden.

Sak 49/23 B

Protokoll frå styremøte i Helse Vest IKT AS 29.09.2023

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjente protokoll frå styremøtet 29.09.2023.

Sak 50/23 O

Administrerende direktør si orientering

1. Lokalar Kronstad X

Vurdering av støy i ope landskap vert vurdert i samarbeid med vernetenesta, og forslag til endringar/tiltak vert gjort i AMU og i lokalt husråd.

2. Utfordringar med ytelse i Dips Arena

Helse Vest IKT har i oktober hatt gul beredskap knytt til yting i Dips Arena.

Beredskapen er avslutta, men Helse Vest IKT vidarefører arbeidsgruppa («task force») som vart etablert i samband med beredskapen på ubestemd tid.

Det er god dialog med leverandør, og med helseføretaka/klinikkane for å betre ytinga. Viktig å ha høg fokus på arbeidet framover, og at ein informerer godt til HF'a om status og framdrift.

3. Innflytting i Glasblokkane (Helse Bergen)

Det har vore høg aktivitet knytt til innflytting i Glasblokkane i Helse Bergen, og innflytting er så langt vellukka.

4. Rapportering tilsynssaker

Ingen aktuelle saker

5. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Ingen aktuelle saker

6. Oversikt over aktuelle høyringar

Ingen aktuelle saker

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering

Sak 51/23 B

Rapport frå verksemda september 2023

Det har ikkje vore beredskapssituasjonar sidan sist styremøte, men det har vore 10 omfattande episodar i september med fleire ulike driftsforstyringar.

Det er framleis jamt høg trafikk inn mot Kundesenteret og servicegraden har gått ned sidan august. Resultatet for september vart 76% der målet er at 80% av telefonane skal svarast på innanfor 1 minutt.

Det er framleis for høg del brotne episodar. Det er gjort fleire tiltak for å redusere tal på opne og brotne episodar og disse har hatt noko effekt.

Det er lite endringar på status for prosjekt og mykje rapporterast framleis på gult.

I leveransar til bygg har det vore høg aktivitet knytt til innflytting i Glasblokkane i Helse Bergen. Det var nokre kritiske utfordringar i forhold til oppstart, men innflytting i oktober er så langt vellukka.

Det er i siste halvår sanert 112 løysingar i samarbeid med HF'a.

Økonomisk resultat er dårlegare enn venta med eit resultat per september på 6,6 mill. kr., eit avvik mot budsjett på 12,9 mill.kr. Noko skuldast kostnadsført rekneskapsfeil frå rekneskap 2022 med 5,0 mill. kr. og noko skuldast høgare rentenivå enn venta. Det er sett i verk tiltak for å redusere kostnadar. Rekneskap for oktober vart vist i møtet, med eit resultat per oktober på 0,4 mill. kr.

Sjukefråvær er framleis høgare enn ønska med 6,2%, men det er ei positiv utvikling i 2023 med lågare fråvær enn i 2022. Turnover er også høgare enn ønska med 7,9%, med ein aukande tendens dei siste månadane i 2023. Tala er lågare enn for 2021 og 2022, og det er god kontroll på kven som sluttar og årsak til korfor.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til etterretning.

Sak 52/23 B

Status internkontroll, leiing og kvalitetsforbetring

Det vart i saka peika på rutine for å sikre god internkontroll, og status innanfor dei ulike hovudområda for internkontroll. Administrasjonen er av det syn at rutine for internkontroll og status i Helse Vest IKT er tilfredsstillande for å sikre drift og omdøme av Helse Vest IKT.

I gjennomgang av styringssystemets modenhet er det sett på områda «Risiko» og «Innkjøp», der området «Risiko» er vurdert som «Formalisert/Organisert», og området «Innkjøp» er vurdert som «Organisert/Forebyggande». Det vart ikkje avdekka avvik i gjennomgangen.

Styret kommenterte at ein måtte ha fokus på klima og miljø, og bad om å bli orientert om leiinga sin årlege gjennomgang av klima og miljø i eit seinare styremøte.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til etterretning.

Sak 53/23 D

Budsjett 2024 utkast

Helse Vest har i løpet av 2023 tatt i bruk skyløysing M365 for alle tilsette. Dette har vore eit stort løft, og gir ny moglegheit for samhandling og deling av informasjon. Ein anna milepåle er innflytting i Glassblokkene i Helse Bergen, der ein har tatt i bruk ny teknologi på tele- og signalområdet som gir ny moglegheit for mobile løysingar. Innføring av Dips Arena er også slutført i 2023, det same gjeld hovuddelen av Imatis si løysing for innsjekk og betaling.

Innføring av dei nye løysingane inneber at kostnadane går over i ein driftsfase, med årleg support- og vedlikehaldskostnad, forvaltning og avskrivningar. Dette gir auka driftskostnader, og lisenskostnadane er i fleire av løysingane vorte høgare enn det vart tatt høgde for i Økonomisk langtidsplan. I tillegg har det vore ein høgare prisvekst på alt IKT-utstyr enn det vart tatt høgde for, samtidig som at rentenivået har auka vesentleg meir enn estimat i Økonomisk langtidsplan. Samla sett gir dette ein kostnadsvekst inn i 2024 som er svært utfordrande.

Helse Vest IKT har i budsjettprosessen vurdert alle ledige stillingar opp mot nye forslag og behov for 2024, med fokus på kostnadsreduksjon og effektivisering. I dette inngår også prioritering av reduksjon konsulentbruk ved å tilsette ressursar i Helse Vest IKT.

Administrasjonen har etter styremøtet 29.09.2023 hatt dialog med helseføretaka om føretaksvise arbeidsoppdrag og investeringar. Utkast til ramme for porteføljen blir handsama i møte 06.11.2023 med eit forslag på 385 mill (før deflator) med tillegg av overføring av forsinka prosjekt frå 2023 med 35 mill til investeringar, og 140 mill til ikkje-aktiverbare kostnader (før deflator).

Utkast til budsjett for 2024 er på 1 899,9 mill. kr., ei auke på 170,1 mill. kr. i forhold til prognose for 2023, og ei auke på 268,6 mill. kr i forhold til budsjett 2023, og ei auke på 33,3 mill. kr i forhold til deflatorjustert økonomisk

langtidsplan (inklusive deflator 2023, auka rentekostnad, og overført kompensasjon RNB).

Styret påpeika viktigheit av stram økonomistyring, og bad administrasjonen sjå inn i forvaltningsbehov for løysingar overført frå prosjekt til forvaltning (Dips Arena og Imatis), effekt av overgang frå eigen drift til sky, t.d. M365, gjenbruk av utstyr, reduksjon av innleige og andre område for redusert kostnadsnivå.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret diskuterte og kom med innspel til budsjettutkast 2024.
2. Styret bad administrasjonen arbeide vidare med innsparing og avklaring med Digitaliseringsstyret, Helse Vest RHF og Helseføretaka.

Sak 54/23 O

Utkast til revidert utviklingsplan Helse Vest IKT

Utviklingsplanen set mål og retning for den vidare utviklinga av Helse Vest IKT i lys av oppdraget vårt, utviklingstrekk og endringane som skjer rundt oss. Den skal bidra til å skape engasjement, eigarskap og ein felles identitet hos alle leiarane og medarbeidarane i Helse Vest IKT. Ambisjonen er å bruke utviklingsplanen aktivt som eit verktøy for å utvikle selskapet vidare.

Utviklingsplanen set fire strategiske mål:

- Vi har sikker, stabil og effektiv drift av infrastruktur og løysingar
- Vi har ein moderne digital grunnmur
- Vi er ein framoverlent samarbeidspartnar i helseføretaka sin digitale transformasjon
- Vi lukkast gjennom trygge, engasjerte og kompetente tilsette

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering, og bad administrasjonen ta med innspel frå møtet i det vidare arbeidet.

Sak 55/23 B

Søknad om utvida langsiktig finansiering

Helse Vest IKT gjennomfører investeringar for helseføretaka innanfor IKT-området i tråd med avtale opplegg for porteføljestyling. Helse Vest IKT AS søker Helse Vest RHF om utviding av det langsiktige lånet med 250 mill. kr. for å finansiere investeringane som er foreslått i prosjektporteføljen for 2024. Tilbakebetaling av lånet vil minimum skje i takt med innbetalingane via Tenesteavtalen med helseføretaka.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret bad om at administrasjonen, med grunnlag i styresak 053/23 D Budsjett 2024 utkast, utarbeider og sender til Helse Vest RHF søknad om utvida finansiering ved langsiktig lån på 250 mill. kr.
2. Styret bad om at administrasjonen, med grunnlag til styresak 053/23 D Budsjett 2024 utkast, utarbeider og sender til Helse Vest RHF søknad om kortsiktig likviditetslån på inntil 50 mill. kr. i 2024 som i sin heilheit tilbakebetales i 2024.

Lukka saker

Sak 56/23 B

Sikre utstyr som ikkje let seg oppdatere

Administrasjonen tilrår at ein startar opp med eit kartleggingsarbeid for å sikre teknisk og medisinsk teknisk utstyr. Arbeidet i første og andre kvartal 2024 vil gje eit meir nøyaktig estimat på omfanget.

Styret bad om at behov vart sett i samanheng med plan for utskifting av utstyr i HF'a, og at foreløpig plan blir tatt inn i arbeid med Økonomisk langtidsplan.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjente forslaget og ber om at det vert lagt fram ei ny sak når ein har gjennomført kartlegging i første og andre kvartal 2024.

Sak 57/23 B

Lønnsoppgjer Adm dir 2023

Styret vurderte lønnsoppgjer for administrerande direktør for 2023.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret vedtok lønnsoppgjer for administrerande direktør for 2023.

Sak 58/23

Eventuelt

Ingen saker

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 01.12.2023
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Ole Jørgen Kirkeluten
SAKA GJELD: **Administrerende direktør si orientering**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **061-23**

STYREMØTE: 08.12.2023

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek saka til orientering

OPE DEL

1. Migrering av integrasjonsplattform

Dei siste åra har Integrasjonssenteret vore gjennom en krevjande prosess med å erstatta Biztalk 2013 med Biztalk 2020, og i oktober var dei endeleg i mål. Det er oppretta nye serverar, utvikla nye versjonar av løysingar, dei er testa, og opna opp i ei rekke brannmurar. Gjennom dette har sjukehusa i Helse Vest fått ein betra integrasjonsplattform med auka sikkerheit og betre ytelse.

2. Helse Vest IKT har lansert spel for å redusere legemiddelfeil

Spelet Rett dose vart nyleg lansert i Helse Vest. No kan helsepersonell øve seg på å rekne ut kva som er rett legemiddeldose på ei litt annleis og artigare måte. Spelet er knytt til prosjektet «ROMLE» som er eit av Helse Vest sine fem topp risikoområde.

3. SLA – Tenesteavtalen

Arbeidet med tenesteavtalen (SLA) går nå året rundt og det er korte effektive møter kvar veke mellom representantar frå Helse Vest IKT og representantar frå IKT-leiinga i dei ulike helseføretaka. Denne nye arbeidsforma gjer at Helse Vest IKT møter endra behov raskare og støtter opp om dei kommande endringane med ny styringsstruktur og oppdaterte strategiske mål. Arbeidsgruppa er nøgd med at SLA oppdaterast kontinuerleg og at den

gjer eigne beslutningar på nødvendige oppdateringar. Beslutningar tas på lavast mogeleg nivå. Der beslutningar krev meir forankring eller arbeidsgruppa ikkje kjem til semje blir desse eskalert i linja.

4. Rapportering tilsynssaker

Ingen aktuelle saker

5. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Ingen aktuelle saker

6. Oversikt over aktuelle høyringar

Ingen aktuelle saker

LUKKA DEL

7.

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT

DATO: 29.11.2023
SAKSHANDSAMAR: Ole Jørgen Kirkeluten, Fredrik Eldøy, Leif Nordland
SAKA GJELD: **Rapport frå verksemda oktober 2023**

ARKIVSAK:
STYRESAK: Styresak 062/23 B

STYREMØTE: 08.12.2023

FORSLAG TIL VEDTAK



- 1. Styret tek rapport frå verksemda per oktober 2023 til etterretning.*

Oppsummering

Administrasjonen har summert opp rapport om verksemda i ein figur som viser overordna status for Produksjon, Bidrag til bruk av IKT (status program og prosjekt) og Ressursar.

Fakta

Figuren nedanfor viser målekortet for oktober 2023



Kommentarar frå Administrerande direktør

Det har også i oktober vore 10 omfattande episodar i fleire ulike driftsforstyrningar. Dei har vore knyta til DIPS Arena, Sectra, Meona og kontaktsenterløysinga Avaya Aura. Saka med DIPS

Arena og tregheit gjekk over fleire dagar og det har vert sendt ein ege rapport til sjukehusa på denne hendinga.

Det er framleis høg trafikk inn mot Kundesenteret men den har gått litt ned frå september som var høgast registrerte tal på telefonar nokon sinne. Servicegraden har gått opp 5 % poeng og vi er no over SLA. Resultatet for oktober vart 81% der målet er at minst 80% av telefonane skal svarast på innanfor 1 minutt. Mykje av trafikken skuldast framleis veiledingssakar knytt til innføring av M365. Det er også mange episodar knyta til Dips Arena. Kundesenteret er også på SLA målet om å klare å løyse 70% av episodane innan 1 time.

Det er noko endringar på status for prosjekt i oktober. Disse prosjekta har gått frå grønt til gult: Fødejournal, Tjenester for lokalisering av utstyr i Helse Vest og Innføring Norse Feedback

I leveransar til bygg har det vore høg aktivitet knytt til innflytting i Glasblokkane i Helse Bergen. Det var nokre kritiske utfordringar i forhold til oppstart, men innflytting i oktober er så langt vellukka.

Økonomisk resultat er dårlegare enn venta med eit resultat per oktober på 0,4 mill. kr., eit avvik mot budsjett på 15,4 mill.kr. Noko skuldast kostnadsført rekneskapsfeil frå rekneskap 2022 med 5,0 mill. kr. og noko skuldast høgare rentenivå enn venta. Det er sett i verk tiltak for å redusere kostnadar.

Sjukefråvær er framleis høgare enn ønska med 6,3%, men det er ei positiv utvikling i 2023 med lågare fråvær enn i 2022. Turnover er også noko høgare enn ønska med 7,6%.

VEDLEGG STYRESAK


GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 24.11.2023
SAKSHANDSAMAR: Fredrik Eldøy, Rolf Ruland, Leif Nordland
SAKA GJELD: Sak 062-23

ARKIVSAK:
STYRESAK: Rapport frå verksemda oktober 2023

STYREMØTE: 08.12.2023

Målkort Oktober



Prosjektstatus

● PÅ PLAN
 ● MINDRE AVVIK
 ● BETYDELIG AVVIK
 ● STARTET
 IKKE STARTET / SATT PÅ PAUSE / STOPPET OPP

Konsept		Planlegge		Gjennomføre		Avslutte
Prosjekt	Status	Prosjekt	Status	Prosjekt	Status	Prosjekt
Digitale Helsetjenester Kreft	●	Anestesikurve	●	Alle møter - Innsjekk og betaling	●	
Felles løsning for hjertepacs	●	Digitale helsetjenester Diabetes	●	Alle møter - Integriert ressursplanlegging	●	
Håndtering av Grunndata for legemiddelinformasjon	●	Fødejournal	●	Alle Meter Helhetlig pasientkommunikasjon	●	
IKT støtte til byggeprosjekt og eiendomsforvaltning	●	Kritisk informasjon	●	Alle Meter- Pasientflyt og ressurser	●	
Totalt		Logistikkstøtte for akuttmottak (Gjennomføring)	●	Alle møter programledelse	●	
		Steril og operasjonsplanlegging	●	AMK IKT Helse Vest	●	
		Tjenester for lokalisering av utstyr i Helse Vest	●	AMK IKT Interregionalt	●	
		Velledet internettbehandling	●	Celleterapi	●	
				Dialog med innliggende pasient	●	
				Digital Patologi Interregionalt	●	
				Digitale skjema og brev	●	
				Fra byggeprosjekt til FDVU	●	
				Innføring av felles laboratorieløsning	●	
				Innføring av Microsoft 365	●	
				Innføring Matforsyning	●	
				Innføring Norse Feedback	●	
				LIBRA Fase 2	●	
				Mitt Timevalg	●	
				Modernisert Folkeregister	●	
				Ny renholdsløsning	●	
				ODA (Overgang til DIPS Arena)	●	
				Pasientens journaldokumenter - Regional innføring i He...	●	
				Pasientens legemiddelliste (PLL)	●	
				Pasientens prøvesvar - Regional utprøving	●	
				Vel Heim	●	
				Vestlandspasienten	●	
						Realisere
						Prosjekt
						Digital Patologi

Produksjon

1. Oppsummering

Kommentarer til hovedrapport:

81% andel telefonar besvart innan 1 minutt i september

17569 telefonar

12799 Kundeweb meldingar

10 Omfattende episoder

2. Driftskalender

Stabil drift er grønne dager

Driftsforstyrrelser/dager med Omfattende episode(r) er gule.

Hvis det er utløst beredskap så er det rødt.

Mål er maks 2 gule dager pr måned.

Oktober 2023						
Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
						1 OE 2319857 Ytelsesutfordringer i DIPS Arena
2 OE 2319857 Ytelsesutfordringer i DIPS Arena	3 OE 2319857 Ytelsesutfordringer i DIPS Arena	4 OE 2319857 Ytelsesutfordringer i DIPS Arena	5 OE 2319857 Ytelsesutfordringer i DIPS Arena	6 OE 2319857 Ytelses- utfordringer i DIPS Arena	7 OE 2319857 Ytelsesutfordringer i DIPS Arena	8 OE 2319857 Ytelsesutfordringer i DIPS Arena
9 OE 2319857 Ytelsesutfordringer i DIPS Arena OE 2323198 Problemer med bestillingsfanen i DIPS Arena	10 OE 2319857 Ytelsesutfordringer i DIPS Arena OE 2323959 Ustabilitet i Orbit	11 OE 2319857 Ytelsesutfordringer i DIPS Arena	12 OE 2319857 Ytelsesutfordringer i DIPS Arena	13 OE 2319857 Ytelsesutfordringer i DIPS Arena OE 2325504 Problemer med arbeidslister og feilmeldinger i Sectra	14 OE 2319857 Ytelsesutfordringer i DIPS Arena	15 OE 2319857 Ytelsesutfordringer i DIPS Arena
16 OE 2319857 Ytelsesutfordringer i DIPS Arena OE 2327667 Meona utilgjengelig	17 OE 2319857 Ytelsesutfordringer i DIPS Arena	18 OE 2319857 Ytelsesutfordringer i DIPS Arena	19 OE 2319857 Ytelsesutfordringer i DIPS Arena	20 OE 2319857 Ytelsesutfordringer i DIPS Arena 2329937 Meona utilgjengelig	21	22
23	24 OE 2331319 Meona utilgjengelig OE 2331462 Transmed utilgjengelig	25 OE 2332000 Problemer med lasting av bilder i Sectra 2331796 Treggheter i Meona	26	27	28	29
30	31 OE 2334493 Problemer med Avaya Desktop Agent OE2334566 Problemer i Sectra					

09.10.23 Episode 2323198 - Problemer med bestillingsfanen i DIPS Arena

Incident start: 09.10.23 08:44

Incident løst: 09.10.23 10:06

Nedetid i minutter: 0

Oppsummering av hendelsen:

Feilsituasjon påvirket bestilling og prøvetaking i DIPS Arena.

Årsak var at grunnet manglende data fra lastbalanserer inn i overvåking / analyseverktøy Citrix ADM, utførte man en «refresh» av analytics profil for lastbalanserer.

Rotårsak relatert til at en setting feilaktig ble aktivert fra Citrix ADM i forbindelse med denne aktiviteten. Denne settingen skapte problemer for DIPS Arena og ble løst ved at konfigurasjon ble korrigert kl. 10:06.

Gjennomgang av hendelsen er foretatt og rutiner oppdatert.

Dette vil ikke bli aktivisert igjen uten at det er avtalt og testet, og kun ved helt spesifikke behov.

Kundekonsekvens:

Brukere opplevde feilmeldinger i bestillingsfanen i DIPS Arena. Påvirket bestillinger og prøvetaking.

Berørte foretak:

Alle foretak

10.10.23 Episode 2323959 - Ustabilitet i Orbit

Incident start: 10.10.23 10:13

Incident løst: 10.10.12 13:54

Nedetid i minutter: 0

Oppsummering av hendelsen:

Store problemer med flere funksjoner i Orbit samt ustabilitet i løsningen var forårsaket av endringsaktivitet (R848969) vedrørende oppdatering av applikasjonen 09.10.23. Denne endringen forårsaket høy belastning på Orbits applikasjonsservere 10.oktober som medførte svikt i funksjonalitet i Orbit. Endringsaktiviteten ble reversert 10.oktober kl. 13:54.

Rotårsak relatert til at ny funksjonalitet innført i endringsaktiviteten genererte stor trafikk i kombinasjon med måten applikasjonen blir brukt på.

Oppfølging rundt optimalisering av applikasjonsskode for løsningen før ny produksjonssetting.

Kundekonsekvens:

Store problemer med flere funksjoner i Orbit samt ustabilitet i løsningen.

Alle foretak var berørt, men størst påvirkning for HST

Berørte foretak:

Helseforetak: HBE, HST, HFO, HFD

Private/Ideelle: HSR, HDS

13.10.23: Episode 2325504 Problemer med arbeidslister og feilmeldinger i Sectra

Problemer med arbeidslister og feilmeldinger i Sectra

Incident start: 13.10.23 06:32

Incident løst: 13.10.23 09:12

Nedetid i minutter: 0

Oppsummering av hendelsen:

Feilsituasjonen oppstod etter omstart av Sectra applikasjonsservere i forbindelse med automatisk Windows Server sikkerhetsoppdatering (R853581). Årsak relatert til at en ny server ble satt inn i Sectra løsningen 12.september. Ved omstart i forbindelse med oppdateringen oppsto det problemer på grunn av at den ekstra serveren ikke var plassert i optimal oppdaterings gruppe for sikkerhetsoppdatering.

Leverandør Sectra utførte tiltak for å få startet opp igjen berørte tjenester.

Rotårsak relatert til at det ikke var blitt utført en aktivitet i forkant med å plassere ny server i riktig server gruppe før oppdateringen.

Dette er gjennomgått for å hindre gjentakelse.

Kundekonsekvens:

Problemer med arbeidslister og feilmeldinger i Sectra.

Alle radiologiske avdelinger ble berørt, og arbeidslister ble ikke oppdatert. Dette hindret oversikt over arbeidsoppgaver.

Det var mulig å søke opp pasienter manuelt, samt å gjennomføre nødvendige undersøkelser.

Berørte foretak

Alle foretak

17.10.23 Episode 2327667 - Meona utilgjengelig

Incident start: 17.10.23 20:30

Incident løst: 17.10.23 22:30

Nedetid i minutter: 17.10: 120 og 20.10: 20

Oppsummering av hendelsen

Feilsituasjonene var forårsaket av at Meona gikk i heng grunnet databasespørringer mot pasientkurver. Feilen skyldtes korrupte kurver som hadde millioner av rader i databasen.

For å løse feilen måtte alle Meona serverne slås av, og databaseteamet startet et sletteskript for å rydde bort de korrupte dataene.

Tilsvarende hendelser 20.10.23 og 25.10.23.

Pågående analyse i dialog med leverandør for å avdekke rotårsak til korrupte data i databasen. Vi iverksetter overvåking av disse spesielle kurvene, og vil rydde opp etter behov.

Det er etablert et SQL-skript som sletter de korrupte duplikatverdiene som bygger seg opp i databasen.

Dette skriptet ble brukt 25.10.23, og førte til raskere feilretting.

Oppfølging i problem: P10152

Kundekonsekvens:

17.10.23: Meona utilgjengelig i perioden 20:30 - 22:30

20.10.23: Meona utilgjengelig i perioden 16:55 - 17:15

25.10.23: Tregheter i Meona i perioden 10:20 - 10:42

Berørte foretak:

Alle foretak

24.10.23 Episode 2331462 - Transmed utilgjengelig

Incident start: 24.10.23 14:21

Incident løst: 24.10.23 20:29

Nedetid i minutter: 59

Driftsmelding sendt ut: Ja, 16:08, 19:56 og 21:00

Oppsummering av hendelsen

Påloggingsproblemer for nye brukere i Transmed i perioden 14:51 - 19:30 (3 operatørplasser fungerte).

Transmed utilgjengelig i perioden 19:30-20:29.

Feilsituasjonen var forårsaket av feil funnet med lesing av datoformat på POI'er (Point Of Interest). POI er veimeldinger, veisperringer, o.l. Tre POI'er slettet, og det løste alle problemene. Foreløpig er AMK bedt om å ikke legge inn nye POI'er i systemet. Pågående rotårsaksanalyse hos leverandør som tester disse videre i eget miljø for ytterligere feilsøking. Oppfølging i Problem: **P10604**

25.10.23 Episode 2332000 - Problemer med lasting av bilder i Sectra

Incident start: 25.10.23 12:30

Incident løst: 25.10.23 13:37

Nedetid i minutter: 0

Oppsummering av hendelsen:

Brukere av Sectra (RAD, DMA, PAT) fikk ikke lastet bilder.

Årsak var en servicekonto i Sectra som ble låst av sikkerhetsapplikasjon som skal sperre ute brukeraktivitet som oppfattes som unormal. «Ransomware Overvåkning» skulle stå i læremodus for å bli kjent med hvordan Sectra systemet oppfører seg. Servicekontoen var blitt sperret av normal trafikk i løsningen, ikke ransomware på grunn av en feil i oppsettet.

Feilen er nå korrigeret slik at en alarm vil varsle, men ikke automatisk sperre ute.

Kundekonsekvens:

Brukere av Sectra (RAD, DMA, PAT) fikk ikke lastet bilder.

Berørte foretak:

Alle foretak

31.10.23 Episode 2334493 - Problemer med Avaya Desktop Agent

Incident start: 31.10.23 09:54

Incident løst: 31.10.23 12:01

Nedetid i minutter: 0

Oppsummering av hendelsen:

Avaya Agent Desktop pålogging feilet for enkelte brukere.

Ingen innringere berørt, samtaler ble besvart av andre agenter i problemperioden.

Brukere fikk logget på løsningen etter restart av AACC server (Avaya Aura Contact Center server).

Årsak uavklart, pågående rotårsaksanalyse i dialog med leverandør.

Oppfølging i Problem: P10615

Kundekonsekvens:

Avaya Agent Desktop pålogging feilet for enkelte brukere.

Ingen innringere berørt, samtaler besvart av andre agenter i problemperioden.

Berørte foretak:

Alle foretak

31.10.23 Episode 2334566 - Problemer med Sectra

Incident start: 31.10.23 10:30

Incident løst: 31.10.23 12:10

Nedetid i minutter: 0

Oppsummering av hendelsen

Brukere opplevde forskjellige problemer i Sectra.

Problemer med pålogging og henvisninger samt andre feil.

Feilsituasjonen var forårsaket av problemer med en av applikasjonsserverne i løsningen (1 av 8 servere).

Løst ved å ta server som hadde problemer ut av lastbalanserer.

Pågående rotårsaksanalyse. Oppfølging i Problem: P10617

28.09.23 Episode 2318950 - Ytelsesproblemer DIPS Arena

Gul beredskap 28.09.23 - 17.10.23 nedjustert til Grønn beredskap 17.10.23 - 20.10.23

Det har blitt implementert flere tiltak for å bidra til å redusere utfordringene med tregheter.

Det er sendt en egen beredskapsrapport til foretakene vedrørende denne problemstillingen.

Oppfølging i Problem: P10558

Sikkerhetsavvik

Det ble i oktober 2023 rapportert 132 «mulige sikkerhetsavvik» i Helse Vest IKT sitt sakshåndteringssystem, en nedgang fra September 2023. En stor andel av disse var tilknyttet automatiserte varsler.

Helse Vest IKT rapporterer sikkerhetsaker i den måneden sakene blir avsluttet/lukket i sakshåndteringssystemet, selv om hendelsene kan være håndtert på et tidligere tidspunkt. De rapporterte «mulige sikkerhetsavvikene» er vurdert/håndtert, og av disse er 81 avsluttet som reelle sikkerhetsavvik.

18 sikkerhetsavvik ble rapportert i avvikssystemet (Synergi eller tilsvarende) til berørte virksomheter for vurdering av om avvikene er reelle. For samme måned i fjor var tallene 54 mulige sikkerhetsavvik, 28 reelle avvik, hvorav 3 saker ble rapportert i avvikssystem.

De mest frekventerte sikkerhetsavvikene som meldes i Assyst er:

- 35 generelle varsler fra HelseCERT og øvrige kilder vedrørende sårbarheter i produkter og tjenester
- 13 saker gjelder rettigheter tilknyttet AD-miljøer som avviker fra policy (inkludert Bloodhound-varsler)
- 4 saker omhandler utilstrekkelig tilgangsstyring på filområder
- 9 varsler om sårbarheter avdekket i sårbarhetsskanning
- 11 varsler om nedetid eller feil på servere

Følgende saker ble også meldt til foretakenes avvikssystem.

7 saker gjelder manglende skjerming av pasient og personopplysninger

- 7 saker vedrører uautorisert bruk av andres bruker-ID og passord
- 2 saker gjelder data på avveie, i dette tilfellet lagring på usikkert område
- 2 sak gjelder brudd på sikkerhetsbarriere/instruks


Det var i oktober ingen varsler om mulig meldepliktig brudd på personvernet.

En kritisk sårbarhet knyttet til DIPS Interactor ble håndtert av Helse Vest IKT i perioden.

Synergisaker ang. IKT-sikkerhet/drift inn til HVIKT:

5 saker ble meldt i oktober som omhandlet informasjonssikkerhet til Helse Vest IKT i avvikssystemet Synergi. 3 saker ble lukket i samme tidsperiode.

3. Førespurnader til Helse Vest IKT



Definisjonar:

Her viser vi totalen for denne månaden. I parentes vises prosentavvik i forhold til gjennomsnittet de siste 13 mnd.

E-post support: Teller all e-post til Kundesenteret med unntak av spam-mail.

E-post bestilling: Teller all e-post med unntak av spam-mail som kommer inn til ikt-bestillingsadressene til Sal.

Kundeweb: Mengd oppdateringar på eksisterande saker eller nye saker.

Telefon: Mengd telefoner svara på av Kundesenteret.

Loggede saker per topp 20 enheter

Berørt Enhet	Antall
DIPS Arena PROD	3516
Microsoft 365	1545
PC	1120
Leveranser av nytt IKT utstyr	844
Domenepåloggingstjenesten	513
Passord, nytt	512
Ukjent/manglende programvare	500
MEONA HVN Produksjon (System 3)	460
Office 365 og Access (bare på PC) registreres her	427
TEAMS KLIENT HVN PRV EXT PROD	397
Nebula Automasjonsportal (nebula.ihelse.net)	333
Nettverksskriver	286
Forvaltning-Vedlikehold leverandør	275
Imatis Fundamentum Prod	260
Sikkerhet - Datakommunikasjonstjeneste (nettverk infrastruktur)	249
SECTRA RIS/PACS HVN PRV PROD	226
Generisk item for mobiltelefon	218
Samlepunktet - https://samlepunktet.ihelse.net/	195
Smartkort	190
ENTRA MULTI-FACTOR AUTHENTICATION	177









Topp 20 årsaker

Årsaksenhet produkt [Avslutt]	Antall
DIPS ARENA HVN PROD	3092
M365	1564
PC	599
LEVERANSER AV NYTT IKT UTSTYR	598
PASSORD, NYTT	420
DIPS HVN PROD	416
DOMENEPÅLOGGINGSTJENESTEN	399
\$PC, UKJENT	396
MEONA HVN PRV PROD	388
M365 APPS HVN PRV EXT PROD	382
TEAMS KLIENT HVN PRV EXT PROD	316
\$PROGRAMVARE, UKJENT	306
FORVALTNING-VEDLIKEHOLD LEVERANDØR	287
SAMLEPUNKTET HVN PROD	276
\$PC TILBEHØR	271
BRANNMUR	270
\$NETTVERKSSKRIVER	262
IMATIS FUNDAMENTUM HVN HDS PROD	224
\$MOBILTELEFON	221
RES ONE WORKSPACE HVN PROD	208

4. Applikasjonsgrupper - status mengde applikasjoner

Vi viser i tabell bare de Applikasjonstjenestegrupper som har endringer i antall instanser eller produkt.

Kategori	Instans	Diff Instans	Produkt	Diff Produkt
Akuttmottak - Ytterleg	53	4	15	0
Datavarehus - Ytterleg	11	-1	9	-1
Lønn og Personal - Ytterleg	6	1	3	0
Røntgen - Ytterleg	32	1	18	1
Skytjenester	26	8	3	-1
SMSYS - Mellomstore	229	1	150	-1
SMSYS - Små	720	2	595	2
Tele og Signal - Signal	11	1	5	0
Understøttende - Desktop	61	-2	22	-1
Understøttende - Generelle infrastrukturapp.	53	-1	39	0
Understøttende - Server og lagring	94	-2	36	0
Web portaltjenester - Sharepoint	17	-4	3	0
Web portaltjenester - Ytterleg	27	-1	12	-1
Totalt	1340	7	910	-2

Status	Link	Enhet ID	Enhet	Kategori
Ny		10318	Filter for uønsket e-post	Skytjenester
Ny		266804	ALINITY CI-SERIES	SMSYS - Små
Ny		267844	Møterom skilt HVN (LoopMeeting)	Tele og Signal - Signal
Ny		267845	Materialise Mimics Medical	SMSYS - Små
Ny		267849	CALIBRY PIPETTE CALIBRATION 6 HBE PROD	SMSYS - Mellomstore
Ny		267850	CALIBRY PIPETTE CALIBRATION 6 HFO PROD	SMSYS - Mellomstore
Ny		267851	CALIBRY PIPETTE CALIBRATION 6 HST PROD	SMSYS - Mellomstore
Ny		268434	corpuls3 datalagring HBE	Akuttmottak - Ytterleg
Ny		268435	corpuls3 datalagring HST	Akuttmottak - Ytterleg
Ny		268436	corpuls3 datalagring HFO	Akuttmottak - Ytterleg
Ny		268437	corpuls3 datalagring HFD	Akuttmottak - Ytterleg
Ny		268963	Personleg og delt postboks	Skytjenester
Ny		268964	Møterom og utstyr	Skytjenester
Ny		268965	MICROSOFT BOOKINGS HVN PRV PROD	Skytjenester
Ny		268977	REFAPP	Lønn og Personal - Ytterleg
Ny		268984	VISIO HVN PRV PROD	Skytjenester
Utfaset		23830	innsiden.helse-bergen.no	Web portaltjenester - Sharep...
Utfaset		73783	Outlook personleg postboks	Understøttende - Server og la...
Utfaset		97779	dagognatt.haraldsplass.no	Web portaltjenester - Sharep...
Utfaset		103900	SharePoint hotell	Understøttende - Generelle in..
Utfaset		121769	minside.helse-vest.no	Web portaltjenester - Sharep...

Program- og prosjektstatus

Det er ikkje utarbeida egen rapport for porteføljen per september, men den er i hovudtrekk noko bak plan med tanke på økonomiske forhold. Det er enkelte prosjekt som ligg noko bak tidsplan, og det er ikkje starta opp nye prosjekt i det omfang som er budsjettert. Dei største utfordringane er knytt til leveransar frå enkelte leverandørar og mangel på intern kapasitet. Det er fleire prosjekt under oppstart, mellom anna innan «Digitale helsetenester» (kreft, veiledet nettbasert behandling, diabetes), noko som vil gje høgare aktivitet i porteføljen i haust. I tillegg er innføring av ny «e-reseptløyising» i Dips aktuell for å få bredda «Pasientens legemiddelliste», samt arbeid med «Pasientens prøvesvar» og «Pasientens journaldokumenter».

Status i byggstøtte IKT

Byggstøtte IKT har prioritert aktivitet knytt til innflytting i Glassblokkene i Helse Bergen, og det rapportererast om god dialog og god respons på leveranse av interne ressursar.

Beskrivelse	Forrige rapportering	Nå-situasjon	Tendens fremover	Kommentar
Fremdrift	😊	😊	😊 ⇒ 😊	Gul farge en totaloppsummering av aktiviteten i programmet. Glassblokkene har stort sett gått bra, samtidig har det spist mye kapasitet – men generell status i programmet er nå bedre enn på lenge. Vi er nå godt forberedt og posisjonert for Nye SUS og Førde.
Planlegging	😊	😊	😊 ⇒ 😊	God progresjon på arbeidet med å identifisere og håndtere risiko.
Personal i Byggstøtte IKT	😊	😊	😊 ⇒ 😊	Bekymring for at aktiviteter skli i tid og det blir en ekstremt høy samtidighet i utsatte perioder – spesielt i 2024. Mangler ressurser til å følge opp KLIMA-traller og Mobil plattform. Situasjonen i Bergen har også medført at vi har måttet ha lavere tempo i arbeidet med de andre byggeprosjektene. Det jobbes med arkitekt og assisterende prosjektleder til Meldingsvarslingsprosjektet.
Forankring internt i Helse Vest IKT	😊	😊	😊 ⇒ 😊	God forankring internt. Programmet får stort sett tilgang til nødvendige kapasiteter og ressurser. Seksjoner stiller også opp med ekstra kapasitet når det brenner på testgjennomføring.
Forankring Applikasjonslaget (hvordan kritisk liste med behov fra byggeprosjektene er forankret i prosjekt/program i Helse Vest	😞	😞	😞 ⇒ 😞	Byggstøtte har tatt initiativ til at områdene tar inn over seg behovene fra byggeprosjektene i forhold til applikasjonslaget. Vi mener dette er viktig for at en skal samlet kunne prioritere bruken av ressurser – og det vil være ekstremt uheldig å se på leveranser til bygg som noe på siden.
Kostnader	😊	😊	😊 ⇒ 😊	Totalt sett er vi 7% under budsjett i programmet. Budsjettet for 2024 er godkjent etter en lengre prosess som startet med en budsjettkonferanse i programmet i juni.
Risikovurdering	😊	😊	😊 ⇒ 😊	Uro for at grensesnittet til områdeorganisering skal gjøre tilgangen på ressurser og leveranser svakere. Vi har opplevd en tendens hvor roller i områdene prioriteres fremfor operative leveranser i Byggstøtte. Dette har så langt ikke medført større forsinkelser, men vi er urolige for tendensen.

Økonomisk resultat ved utgangen av oktober

Oversikt

Rapporten for oktober viser eit drifts- og månadsresultat under budsjett. Resultat hittil i år viser eit overskot på 0,4 mill og er 15,4 mill under budsjett. Dette skuldast i hovudsak rekneskapsført korreksjon av feil frå 2022 med 5 mill, samt høgare rentekostnader enn budsjettet. Som ein følgje av dette er prognosen for 2023 estimert til eit underskot på 9,9 mill.

Rekneskap per 31.10.2023	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Rekneskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil	Årsbudsjett 2023	Prognose 2023
Basistilskudd	4 825	2 931	1 894	36 380	29 312	7 068	35 174	44 474
Andre inntekter	155 390	133 571	21 819	1 415 926	1 333 708	82 218	1 596 137	1 700 307
Sum Driftsinntekter	160 215	136 502	23 713	1 452 306	1 363 020	89 286	1 631 311	1 744 781
Varekostnader og Helsetjenester	-2 226	-2 539	313	-34 988	-25 387	-9 601	-30 465	-43 499
Lønn- og personalkostnader	-55 439	-46 956	-8 483	-465 524	-428 943	-36 581	-525 622	-575 418
Øvrige kostnader	-70 709	-55 585	-15 124	-597 744	-556 188	-41 556	-667 980	-707 574
Av- og Nedskrivning	-30 451	-29 215	-1 236	-294 893	-284 318	-10 575	-342 244	-352 590
Sum Driftskostnad	-158 825	-134 295	-24 530	-1 393 149	-1 294 836	-98 313	-1 566 311	-1 679 081
Driftsresultat	1 390	2 207	-817	59 157	68 184	-9 027	65 000	65 700
Sum Finans	-7 517	-5 833	-1 684	-58 709	-52 333	-6 376	-64 000	-75 688
Totalresultat	-6 127	-3 626	-2 501	448	15 851	-15 403	1 000	-9 988

Basistilskot er 7,1 mill over budsjett, dette skuldast auka tilskot for å dekke løns- og prisvekst, samt tilskot for auka arbeidsgjevaravgift for 2023.

Salsinntekt tenester ligg over budsjett per oktober. Dette skuldast i hovudsak overforbruk på byggeprosjekt, leigeordning, auka lisenskostnader til M365 og budsjettavvik på server/lagring som følgje av rekneskapsfeil i 2022.

Rekneskap per oktober	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Varesal	Portefølje	Byggeprosj og arb.oppdr	Øvrig	Periodisering	Sum avvik
Helse Stavanger	361 875	346 074	-15 802	-5 520	5 166	133	-15 580	-2 015	-17 816
Helse Fonna	178 418	171 922	-6 496	234	2 758	322	-9 809	-855	-7 351
Helse Bergen	597 953	556 657	-41 296	-2 526	6 989	-18 244	-27 515	-2 844	-44 140
Helse Førde	138 907	137 690	-1 217	-425	3 169	1 145	-5 106	-577	-1 794
Sjukehusapoteka	26 267	24 733	-1 534	-67	502	-88	-1 880	-0	-1 534
Helse Vest RHF	34 120	34 609	489	9	-3 608	4 077	11	451	940
Sum kunder Helse Vest	1 337 540	1 268 163	-69 377	-8 295	14 976	-12 655	-63 403	-5 840	-71 694

Personalkostnader er 36,6 mill over budsjett, dette skuldast lågare tal på timar levert til investering med 47,4 mill. Avviket vert redusert av lågare kostnader til fast løn som følgje av færre tilsette enn budsjettet og avlyst fellessamling.

Det er levert i alt 199 000 timer til prosjekt frå Helse Vest IKT ved utgangen oktober, noko som er 8 000 fleire enn budsjettet (52 000 færre på investeringar, 60 000 fleire på ikkje-aktiverbare prosjekt).

Avskrivningar ligg 10,6 mill over budsjett, dette skuldast i hovudsak avskrivning på leigeprodukt.

Eksterne tenester ligg 3,7 mill under budsjett, dette må sjåast i samanheng med posten akiverte timar og lisenskostnader, da fordeling av budsjett vert gjort sjablonmessig.

Lisenskostnader ligg 62,9 mill over budsjett. I dette ligg rekneskapsføring av feil frå 2022, auka lisenskostnader til M365 og budsjettavvik på server/lagring som følgje av rekneskapsfeil.

Netto finanskostnad ligg 6,4 mill over budsjett, og det er estimert ytterlegare auke i avvik med om lag 4 mill som følgje av høgt rentenivå.


Balanse

Det er tatt opp langsiktig lån frå Helse Vest RHF på 250 mill for å dekke investeringar og løpande driftskostnader.

Balanse per 31.10.2023 (tal i 1 000)	2023	2022
Immatrielle eigendelar	1 343 859	1 402 986
Varige driftsmiddel	678 766	475 636
Finansielle anleggsmiddel	8 077	6 974
Sum anleggsmidler	2 030 702	1 885 596
Varer	37 518	40 317
Krav	489 287	342 418
Bankinnskott	143 478	187 948
Sum omlaupsmidlar	670 283	570 683
Sum eigendelar	2 700 985	2 456 279
Aksjekapital	1 000	1 000
Annan innskoten eigenkapital	150 319	150 319
Annan eigenkapital	35 245	34 802
Sum eigenkapital	186 564	186 121
Pensjonsforplikting	84 317	108 218
Langsiktig gjeld	2 053 773	1 804 928
Kortsiktig gjeld	376 331	357 011
Sum gjeld	2 514 421	2 270 157
Sum eigenkapital og gjeld	2 700 985	2 456 278

Personal


Personalressursar



Sjukefråvær

Viser sjukefråvær i perioden frå november 2022 til oktober 2023. Gjennomsnitt siste 12 mnd er på 6,3 %.

	202301	202302	202303	202304	202305	202306	202307	202308	202309	202310	202211	202212	Snitt siste 12 mnd.
Sjukefråværs prosent	7,00	6,30	6,80	5,90	5,80	5,60	6,90	5,10	6,00	6,40	5,60	8,12	6,29



Turnover

Reel turnover for organisasjon: Alle avdelinger, stillingsgruppe: Alle yrkesgrupper, alder: alle aldre, ansatttype: fast

	202301	202302	202303	202304	202305	202306	202307	202308	202309	202310	202211	202212	Snitt siste 12 mnd
Antall sluttet i perioden	4	6	3	2	3	6	8	5	8	2	2	4	53
Tal medarbeidarar	694	696	696	695	702	708	704	706	703	704	691	690	699
Turnover i prosent	0,58 %	0,86 %	0,43 %	0,29 %	0,43 %	0,85 %	1,14 %	0,71 %	1,14 %	0,28 %	0,29 %	0,58 %	7,58 %

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 01.12.2023
SAKSHANDSAMAR: Harald Løbersli, Leif Nordland, Ole Jørgen Kirkeluten
SAKA GJELD: **Budsjett Helse Vest IKT 2024**

ARKIVSAK:
STYRESAK: Styresak 063/23 B

STYREMØTE: 08.12.2023

FORSLAG TIL VEDTAK

- 1. Styret vedtar budsjett Helse Vest IKT for 2024.*

Oppsummering

Administrasjonen har etter styremøtet 09.11.2023 hatt dialog med helseføretaka om føretaksvise arbeidsoppdrag og investeringar. Utkast til porteføljebudsjett vert handsama i møte 04.12.2023 med eit forslag til ramme på 547,5 mill. kr (401,5 mill. kr til investering, og 146,0 til ikkje-aktiverbare kostnader). Alle tal er no justert for deflator.

Utkast til budsjett for 2024 er på 1 894,2 mill. kr., ei auke på 164,4 mill. kr. i forhold til prognose for 2023, og ei auke på 262,9 mill. kr i forhold til budsjett 2023, og ei auke på 27,6 mill. kr i forhold til deflatorjustert økonomisk langtidsplan (inklusive deflator 2023, auka rentekostnad, og overført kompensasjon RNB med 7,5 mill).

Fakta

I styremøtet 09.11.2023 vart det lagt fram områder med ny aktivitet som administrasjonen skulle avklare nærmare fram til endeleg forslag til budsjett, og det er ikkje gjort vesentlege endringar i budsjettet knytt til ny aktivitet.

Talgrunnlag for budsjettet er kvalitetssikra og oppdatert etter avslutning av rekneskapen for oktober, noko som har auka enkelte budsjettpostar. Det er i tillegg signert oppdatert kontrakt med Checkware, noko som aukar kostnadane samanlikna med 2023, men som også gir auka moglegheit for digitalisering der auka bruk ikkje gir auka kostnader i 2024 og 2025.

I arbeidet med innsparing, effektivisering og automatisering er det kutta ned på personalkostnader (oppstartstidspunkt nye stillingar m.v.), automatisering, systemgjennomgang, redusert innleige mv. Samla sett har dette redusert kostnadane med 13,9 mill. kr.

I dialog med føretaka er det gjort enkelte oppdateringar på HF-spesifikke arbeidsoppdrag og investeringar, samt varesal.

Investeringsbudsjett 2024

Investeringsbudsjettet består i hovudsak av fire element; ramme for portefølje, ramme frå HF på konkrete investeringar, ramme for Digital plattform, og ramme for infrastruktur. Aktuelle investeringar frå helseføretaka er knytt til nettverksutbygging, signalområde og byggeprosjekt.

Budsjett til Digital plattform er knytt til å utvikle og etablere ein plattform som vil tilby relevante komponentar som tilsette kan sette saman til eit endeleg produkt, teneste eller leveranse. I dette inngår intern utviklarportal for etablering av nye tenester, API-management, løysingar for autentisering (m.a. FIDO). Plattformen vil være ein plattform av tekniske komponentar som understøttes av arbeidsmåtar, rammeverk og teknisk infrastruktur. Plattformen skal gje gevinstar i form av redusert tidsbruk, sparte kostnader, auka gjenbruk, reduksjon av feil, samt meir effektive og brukarvennlege løysingar.

Totalramme for porteføljen i 2024 vert lagt i Digitaliseringsstyret 4. desember 2023. Investeringsramma er tilrådd til 401,5 mill. kr (i tråd med deflatorjustert ØLP).

Investeringsbudsjett 2024 (tal i 1 000)	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	SAV/DPI	Totalt	Kommentar
Investering regional portefølje	112 019	54 604	171 842	42 559	20 075	401 500	Porteføljeprogram og -prosjekt
Investering infrastruktur	30 846	15 036	47 319	11 719	5 528	110 558	Server, nettverk, tele/signal
Investering leigeordning	26 190	12 766	40 176	9 950	4 694	93 870	PC, skjermar, MTU-PC, skriver
Digital plattform	6 696	3 264	10 272	2 544	1 200	24 000	
Investering HF-spesifikke prosjekt	3 200	1 500	13 350	2 850	0	23 290	Trådløst nett, innsjekksautomatar mv
- Avskrivningar frå regionale prosjekt	-73 290	-35 726	-112 430	-27 845	-13 134	-262 688	Fordelt etter inntektsmodell
- Avskrivningar frå HF-spesifikke prosjekt	-33 368	-20 728	-67 881	-14 180	-5 196	-141 353	Avskrivning på historisk aktiverte
Behov for tilført likviditet Helse Vest IKT	72 292	30 717	102 648	27 597	13 166	249 177	
Forordningsnøkkel etter inntektsmodell	27,9 %	13,6 %	42,8 %	10,6 %	5,0 %	100,0 %	

Forordningsnøkkel er oppdatert til ny nøkkel for 2024.

I tillegg kjem investeringar knytt til byggeprosjekta med 4,4 mill. kr.

Budsjett 2024

Budsjett (i 1 000 kr)	Budsjett 2023	Prognose 2023	Budsjett 2024	Endring vs budsjett	Endring vs prognose
Salsinntekt - Tenester HF	1 491 330	1 566 704	1 750 546	259 216	183 842
Salsinntekt - Tenester Øvrige	72 920	72 724	73 811	891	1 087
Salsinntekt - Varer	30 465	45 265	33 265	2 800	-12 000
Tilskot	36 596	45 096	36 596	0	-8 500
Sum inntekter	1 631 311	1 729 789	1 894 218	262 907	164 429
Driftskostnad - Varer	30 465	43 499	33 265	2 800	-10 234
Driftskostnad - Personal	508 519	558 315	572 219	63 700	13 904
Driftskostnad - Avskrivninger	342 244	352 590	404 041	61 797	51 451
Driftskostnad - Eksterne tenester	105 089	94 427	90 593	-14 496	-3 834
Driftskostnad - Lisenser	440 621	475 248	541 050	100 429	65 802
Driftskostnad - Reise	7 869	9 563	9 834	1 965	271
Driftskostnad - Linjeleige	37 467	38 512	45 454	7 988	6 942
Driftskostnad - Anna	94 037	94 527	99 762	5 725	5 235
Sum driftskostnader	1 566 311	1 666 681	1 796 218	229 906	129 537
Driftsresultat	65 000	63 108	98 000	33 000	34 892
Finansinntekt	1 000	4 368	1 000	0	-3 368
Finanskostnad	65 000	77 070	98 000	33 000	20 930
Sum finans	64 000	72 702	97 000	33 000	24 298
Resultat	1 000	-9 594	1 000	0	10 594

Nye faktorar i budsjett 2024

Samanlikna med tal presentert for 2024 i økonomisk langtidsplan og i budsjett 2023 er det mange faktorar som spelar inn, og dei største endringane har vi innanfor:

- Løns- og prisvekst på 4,3%
- Kompenasjons løns- og prisvekst RNB med 7,5 mill. kr overført til ramme HF'a
- Renteauke på lån frå Helse Vest RHF (til rentenivå 4,5% i 2024)
- Auka avskrivingskostnadar leigeordning
- Auka lisenskostnadar Microsoft i ny avtale
- Kjøp av utvida support til 2012-serverar og 2014 SQL-serverar
- Auka kapasitet til IKT-sikkerheit
- Redusert bemanning ved inngang til 2024
- Auka pensjonskostnad
- Korreksjon for feil budsjett 2023 og ØLP på VMWare

Budsjett inntekt per HF

Produkt/teneste	SUM	HST	HFO	HBE	HFD	SAV	RHF	HDS	PI/øvrige
Applikasjon	1 038 620	276 544	140 768	443 803	108 248	20 865	7 545	25 647	15 200
SMSys	31 379	7 301	4 102	11 566	4 141	973	664	1 685	949
Server og lagring	100 636	27 621	13 626	42 553	10 671	2 165	786	1 712	1 501
Nettverk	123 321	30 662	15 615	53 777	13 266	2 916	703	4 107	2 274
Tele og signal	86 916	22 419	14 713	37 809	8 586	751	363	2 274	-
Plattform	34 560	9 165	4 549	14 202	3 562	1 116	203	1 096	666
Leigeproduktar	106 541	27 323	14 200	49 564	11 514	614	512	2 814	-
Varesal	33 265	5 181	2 681	18 237	3 779	424	493	470	2 000
Viderefakturerbare portefølje	146 020	39 465	20 111	60 549	17 111	1 373	4 537	1 931	943
Viderefakturerbare byggeprosjekt	61 476	43 288	2 833	9 185	5 856	-	-	314	-
Viderefakturerbare andre oppdrag	30 200	1 000	200	14 000	500	3 000	8 000	-	3 500
Ekstern finansiering	36 596	-	-	-	-	-	-	-	-
Desktop	64 688	14 554	7 099	31 334	5 684	811	356	1 736	3 114
SUM	1 894 218	504 523	240 497	786 579	192 918	35 008	24 162	43 786	30 147

I budsjettfordelinga er det ikkje nytta oppdaterte fordelingsnøklar for 2024, det vil gje mindre utslag mellom føretaka når budsjetta vert konvertert inn i ny områdestruktur og fordelt etter oppdaterte nøklar.

Nye løysingar

I 2023 er innføring av «Dips Arena» og «Innsjekk og betaling» (Imatis) i hovudsak fullført og overført til drift og forvaltning. Restaktivitet og utestående leveransar skal løysast som egne prosjekt i forvaltning.

Ny avtale for basis drift av Libra er på plass, og vil bli innført i første halvår 2024.

Byggeprosjekt

Helse Vest IKT har god dialog med byggeprosjekta om forventna leveransar i 2024/2025, og første utkast til budsjett er ferdig. Det viser ei auke i leveransen frå 2023 til 2024, mykje knytt til nytt sjukehus i Stavanger. Leverte timar til byggeprosjekt i 2023 er nokolunde i tråd med budsjett, men med eit vesentleg meirforbruk til Helse Bergen (Glassblokkene), og tilsvarande mindreforbruk til dei andre byggeprosjekta.

Budsjett (tall i 1000 NOK)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen (Glassblokkene, Parkhjørnet, Protosenter, Håkonsgaten, Poliklinikk, TIKO)	Helse Førde	Haraldsplass	SUM
Regionalt Byggeprosjekt	2 418	481	989	372	87	4 346
Lokale Byggeprosjekt	34 542	1 095	5 606	4 512	-	45 755
Regionalt Meldingsvarsler	6 244	1 241	2 555	960	225	11 225
Reiser	83	17	34	13	3	150
SUM Drift	43 288	2 833	9 185	5 856	314	61 476
Utstyr			3 962			3 962
Meldingsvarsler utvikling plattform	116	58	180	45		400
SUM Investering	116	58	4 142	45	-	4 362

Budsjett for byggeprosjekt er høgare enn det som vart lagt inn i ØLP, noko skuldast forskyving av aktivitet frå 2023 til 2024, og noko skuldast auka planlagt aktivitet.

Microsoft 365

Helse Vest har i løpet av 2023 flytta alle brukarar til skyløysing, og har endra lisensmodell frå å kjøpe lisensar til å leige lisensar. I dette ligg ulike krav til lisensar for ulike brukargrupper, noko som krev tett oppfølging og god forvaltning. Dagens avtale med Microsoft går ut 31. mars 2024, og forhandling om ny avtale er i gang. Ved fordeling av kostnad til føretaka nyttast

faktisk uttak av M365 lisensar til den delen som gjeld lisensar, mens gamal fordelingsnøkkel nyttast til øvrige Microsoftkostnadar.

Innsparing, automatisering og effektivisering

Alle avdelingar/seksjonar har satt opp tiltak for innsparing, automatisering og effektivisering i 2024. I dette ligg mellom anna:

- Ytterlegare automatisering av tilgangar i Samlepunktet
- Gjenbruk av 2-faktor lisensar
- Utnytte moglegheiter i plattform for Dips Arena (Kubernetes) når Dips Classic er fasa ut
- Utnytte moglegheiter i automatisering med Powershell
- Ta i bruk «klikk og hent løysing» for utstyr
- Brannmurautomasjon i Nebula (NSX 2.0)
- Automatisert oppretting av nye gjestebukarar
- Gjennomgang av betingelser og kostnadar til serviceavtaler utstyr
- Nytte egne lokalar eller lokalar i HF'a framfor hotell
- Automatisering av test
- Konsolidering av Checkwareløysing
- Erstatte bruk av eksterne konsulentar i forvaltning med interne
- Automatisering av katalogprosess i Libra

Dei enkelte tiltaka er ikkje talfesta, men det er satt ein ambisjon på å spare i alt 10 mill. kr i løpet av 2024.

Arbeidet med å fase ut løysingar som ikkje vert nytta er godt i gang, og det er fokus på regional standardisering for å finne fleire løysingar som kan fasast ut over tid.

Nye lokalar i Bergen gir auka moglegheit til å nytte egne lokalar til møte og samlingar, og auka kapasitet på prosjektilokalar i Bergen gir moglegheit til redusert bruk av leigde lokalar til prosjekta.

Bemanning

Helse Vest IKT har i 2023 hatt utfordringar med å rekruttere innanfor fleire fagområde, og har framleis mange stillingar som er ubesett. Dette gir auka kostnadar til innleige, og redusert leveringsevne frå selskapet. Dei ubesette stillingane er tatt inn i ny prioritering for 2024.

Prognose for leverte timar i 2023 er samla sett i tråd med budsjett, men det er levert vesentleg mindre timar til investeringsprosjekt, og vesentleg meir timar til ikkje-aktiverbare prosjekt. Dette gir auka personalkostnad i 2023, men i porteføljebudsjettet for 2024 er det lagt opp til nokolunde same nivå på leveranse av timar til investeringsprosjekt som i budsjett 2023.

I arbeidet med forslag til bemanning for 2024 har einingane vurdert kva for tenester som må prioriterast i 2024, og kva som må vente. I tillegg er det vurdert kor mange nyttilsette det er realistisk å rekruttere når ein også tek omsyn til turnover, arbeidsmarknad og vår evne til å ta imot nyttilsette på ein god måte.

I budsjett 2023 var det planlagt ei bemanning på 770 årsverk ved utgangen av året, og ved utgangen av oktober har vi 730 årsverk, og prognosen for 2023 er på 750 årsverk. Dette er under budsjett, og vil gi lågare kostnadar inn i 2024, men også lågare leveransekapasitet. I

tillegg har Helse Vest IKT i løpet av 2023 etablert «Sikkerhetsakademiet», der det er tilsett 10 medarbeidarar for intern opplæring som vil gi auka kompetanse og kapasitet innanfor IKT-sikkerheit i 2024.

Vi ser framleis auka etterspørsel av ressursar til program og prosjekt, samtidig som nye løysingar i drift krev meir ressursar. I budsjett 2024 vil det mellom anna komme endringar i følgjande hovudpunkt:

- Overføring av innsjekk og betaling (Imatis) til drift og forvaltning
- Auka leveranse til byggeprosjekt
- Auka ressursbruk til IKT-sikkerheit
- Auka kapasitet til utvikling
- Erstatte innleige
- Handtere auke i henvendelser og forvaltning av skytenester
- Auka kapasitet innanfor tele- og signalområdet
- Auka kapasitet til integrasjonar
- Overtaking og drift av MU-løysingar

Vi har fleire område som har vorte prioritert, men ikkje nok til å dekke forventa auke i aktivitet eller henvendelsar. Dette inneber også at ressursar blir omprioritert for å dekke behov til byggeprosjekt.

I utkast til budsjett for 2024 er det lagt til ein bemanning på om lag 810 årsverk ved utgangen av 2024. Dette er noko over plan i ØLP, og auken er i hovudsak knytt til leveranse til byggeprosjekt og auka kapasitet til IKT-sikkerheit.

Portefølje – ikkje-aktiverbare kostnader

Totalramma for porteføljen er foreslått til 146 mill. kr, og ny handsaming er i Digitaliseringsstyret 4. desember.

Timepris

Timepris for Helse Vest IKT vil bli justert med ordinær løn- og prisvekst, med tillegg av auke i rentekostnader, auke frå 900 til 1 000 per time.

Pensjonskostnad

Siste NRS-estimat frå KLP viser ein pensjonskostnad på 86,9 mill. kr, ei auke på 5,1 mill. kr frå prognose 2023. Estimert premieinnbetaling for 2024 auka med 7,9 mill. kr (70,3 mill. kr i 2024, 62,4 mil. kr i 2023), noko som gir auka behov for likviditetslån.

Rentekostnader

Rentenivået har auka meir enn budsjettert i 2023, og anslag for 2024 er høgare enn i anslag ØLP. Dette vil gi ein høgare rentekostnad i 2024, noko som også gir høgare timepris enn ordinær løns- og prisvekst. I utkast til budsjett er det lagt inn ei rente på 4,5% for 2024.

Desktop-pris

Desktop-pris for 2024 er estimert til 2 305, ein nedgang frå 3 800 i 2023. Endringa skuldast i hovudsak at timepris har auka meir enn deflator for å dekke auka rentekostnad, samt at fleire tenester er flytta ut i tenestegrupper. Det har også vore ei auke i tal på PC'ar, noko som gir redusert pris per eining.

Overgang til ny områdestruktur

Budsjett for 2024 er utforma etter gamal struktur, dvs med inndeling i tenester og prosjekt/arbeidsoppdrag. Overgang til ny områdestruktur skal i utgangspunktet ikkje gi endringar i det totale kostnadsbilete, men eit av måla er å få meir utvikling og forbetring med den same kapasiteten. Når budsjettet er vedtatt vil det bli fordelt til områda, og det vil gi områda rammebudsjett for 2024.

Det er ei forventning om at ein ved rammetildeling vil få meir fokus på økonomistyring og prioritering, og at dette over tid vil gi gode incitament for kostnadsbesparing og effektivisering.

Likviditet

Budsjett, ref tabell på siste side, gjev ein indikasjon på lånebehov i 2024. I sak 055-23 vart det søkt om 250 mill. kr. i langsiktig finansiering for 2024 frå Helse Vest RHF.

I tillegg vil det gjennom året vere trong til midlertidig likviditet ved store forskotsbetalingar, innkjøp til lager, og betaling av pensjon. Dette er ut frå historikk estimert til maksimalt 50 mill. kr, og vil bli tatt med i sak om finansiering. Formålet er å sikre nødvendig arbeidskapital gjennom året, og er å betrakte som ei maksimalramme.

Dersom ein går over investeringsramma i porteføljen eller byggeprosjekta vil trong for låneopptak auka tilsvarande.

Kommentarar

Helse Vest IKT har hatt dialog med alle helseføretaka og fått innspel til kvalitetssikring og innsparing, samt orientering om dei økonomiske utfordringane som helseføretaka og Helse Vest samla står overfor med omsyn til reduserte økonomiske rammer.

Helse Vest IKT er opptatt av å vidareføre kosteffektiv drift og forvaltning innanfor IKT-området inn i ny områdestruktur, og vil ta med innsparingstiltak og automatisering som ein del av oppdraget til dei områda som ligg til Helse Vest IKT.

Helse Vest IKT skal samtidig bidra til å skape moglegheiter for effektivisering og nytte i helseføretaka i nye løysingar og teknologisk utvikling.

Prognose for bemanning per desember 2023 er utgangspunkt for utkast til budsjett for 2024, og det vert lagt vekt på å ta mest mogleg omsyn til vekst innanfor stramme økonomiske rammer. Der er svært krevjande å auke bemanning/kapasitet med rett kompetanse innanfor enkelte fagområde, samtidig som foreslått auke ikkje er nok til å levere på alle innspel og leveransebehov frå Digitaliseringsstyret og HF'a. Turnover er framleis høgare enn ønskeleg, og det er ein risiko for at denne ikkje blir redusert på kort sikt.

Den største usikkerheita har vi innanfor aktivitetsnivå i investeringsprosjekt og byggeprosjekt, ny avtale med Microsoft, samt overgang til ny teknologi innanfor mobile løysingar, telefoni og signalanlegg.

Den største økonomiske risikoen for Helse Vest IKT ligg i estimert rentenivå og utvikling av rente for 2024, samt i nivå for leveranse av timar til investeringsprosjekt (med balanseføring av interne lønskostnadar).

Konklusjon

Driftsbudsjettet for 2024 viser ei auke på 262,9 mill. kr. samanlikna med budsjett 2023, og ei auke på 164,4 mill. kr. samlikna med prognose 2023. Dei største endringane er knytt til byggeprosjekt, IKT-sikkerheit, M365 og leigeordning. I tillegg kjem auke i finanskostnadar med 33 mill. kr samanlikna med budsjett 2023, og ein auke på 24,3 mill. kr. samanlikna med prognose 2023.

Likviditetsbudsjett 2024

	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTANTSTRÅUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR:												
Månadens resultat	0	0	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Ordinære avskrivningar	33 290 576	33 188 355	33 064 841	32 862 986	32 615 827	32 477 714	35 273 661	35 222 824	34 967 763	34 491 551	33 497 531	33 087 638
Korreksjon for egne aktiverbare/viderefakturerbare timar	-13 157 213	-13 157 213	-13 157 213	-13 157 213	-13 157 213	-13 157 213	-13 157 213	-13 157 213	-13 157 213	-13 157 213	-13 157 213	-13 157 213
Betaling av fakturafløyt frå 2023/overføring av flyt til 2024	-20 000 000										10 000 000	10 000 000
Forskotsbetalt/periodisert faktura for 2023 mv - heilårs	-70 000 000	-80 000 000		-60 000 000			-25 000 000			-25 000 000		
Periodisert kostnad		30 000 000	30 000 000		30 000 000	30 000 000		30 000 000	30 000 000		30 000 000	30 000 000
= Netto kontantstrøumar frå operasjonelle aktivitetar	-69 866 636	-29 968 858	50 007 629	-40 194 227	49 558 614	49 420 501	-2 783 552	52 165 612	51 910 551	-3 565 662	60 440 319	60 030 426
Periodisert pensjonskostnad	7 239 236	7 239 236	7 239 236	7 239 236	7 239 236	7 239 236	7 239 236	7 239 236	7 239 236	7 239 236	7 239 236	7 239 236
Betalt pensjonspremie		-17 500 000			-17 500 000			-17 500 000			-17 500 000	
= Endring i driftslikviditet	-62 627 401	-40 229 622	57 246 864	-32 954 991	39 297 850	56 659 737	4 455 684	41 904 847	59 149 786	3 673 574	50 179 554	67 269 661
KONTANTSTRÅUMER FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETER:												
Utbetalinger porteføljeprojekt og prosjekt i forvaltning	-36 375 000	-46 375 000	-31 375 000	-31 375 000	-36 375 000	-46 375 000	-16 375 000	-26 375 000	-41 375 000	-41 375 000	-41 375 000	-41 375 000
Infrastrukturinvesteringar	-9 213 167	-9 213 167	-9 213 167	-9 213 167	-9 213 167	-9 213 167	-9 213 167	-9 213 167	-9 213 167	-9 213 167	-9 213 167	-9 213 167
Aktivert leigestyr alle	-7 822 500	-7 822 500	-7 822 500	-7 822 500	-7 822 500	-7 822 500	-7 822 500	-7 822 500	-7 822 500	-7 822 500	-7 822 500	-7 822 500
Investeringar løysningar i forvaltning	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
Investeringar HF-spesifikt	-1 940 833	-1 940 833	-1 940 833	-1 940 833	-1 940 833	-1 940 833	-1 940 833	-1 940 833	-1 940 833	-1 940 833	-1 940 833	-1 940 833
Investeringar til byggeprosjekt i HF	-363 500	-363 500	-363 500	-363 500	-363 500	-363 500	-363 500	-363 500	-363 500	-363 500	-363 500	-363 500
Korreksjon for egne aktiverbare/viderefakturerbare timar	13 157 213	13 157 213	13 157 213	13 157 213	13 157 213	13 157 213	13 157 213	13 157 213	13 157 213	13 157 213	13 157 213	13 157 213
= Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-44 557 788	-54 557 788	-39 557 788	-39 557 788	-44 557 788	-54 557 788	-24 557 788	-34 557 788	-49 557 788	-49 557 788	-49 557 788	-49 557 788
KONTANTSTRØMMER FRA FINANSIERINGSAKTIVITETER:												
Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld	0	0	0	-1 500 000	0	0	0	0	-1 500 000	0	0	0
= Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	0	0	0	-1 500 000	0	0	0	0	-1 500 000	0	0	0
Over-/underskuddslikviditet investeringer	-44 557 788	-54 557 788	-39 557 788	-41 057 788	-44 557 788	-54 557 788	-24 557 788	-34 557 788	-51 057 788	-49 557 788	-49 557 788	-49 557 788
= Total endring likviditet	-107 185 188	-94 787 410	17 689 077	-74 012 779	-5 259 938	2 101 950	-20 102 104	7 347 060	8 091 999	-45 884 213	621 767	17 711 874
Inngående likviditetsbeholdning i perioden	60 000 000	-47 185 188	-141 972 598	-124 283 521	-198 296 300	-203 556 238	-201 454 288	-221 556 392	-214 209 332	-206 117 333	-252 001 547	-251 379 780
= Utgående likviditetsbeholdning	-47 185 188	-141 972 598	-124 283 521	-198 296 300	-203 556 238	-201 454 288	-221 556 392	-214 209 332	-206 117 333	-252 001 547	-251 379 780	-233 667 906
<i>ubenyttet innvilget lån</i>												
= Utgående likviditetsbeholdning inkl. ubenyttet	-47 185 188	-141 972 598	-124 283 521	-198 296 300	-203 556 238	-201 454 288	-221 556 392	-214 209 332	-206 117 333	-252 001 547	-251 379 780	-233 667 906

SAK 064-23

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 01.12.2023
SAKSHANDSAMAR: Maria Fehr Johansen, Ole Jørgen Kirkeluten
SAKA GJELD: **Utkast til årleg melding til Helse Vest RHF for 2023**

ARKIVSAK:
STYRESAK: Styresak 064/23 B

STYREMØTE: 08.12.2023

FORSLAG TIL VEDTAK

1. *Styret godkjenner utkast "Årleg melding til Helse Vest RHF for Helse Vest IKT for 2023", med dei merknadane som kom fram under handsaming av saka.*
2. *Administrasjonen innarbeider innspel og oversender endeleg versjon av "Årleg melding til Helse Vest RHF for Helse Vest IKT for 2023" innan fristen 15. januar 2024.*

Oppsummering

Administrasjonen har utarbeida eit utkast til "Årleg melding til Helse Vest RHF for Helse Vest IKT for 2023". Administrasjonen ber styret om innspel til utkastet. Administrasjonen vil innarbeide innspel frå styret i endeleg versjon av dokumentet som skal oversendast til Helse Vest RHF innan fristen 15.01.2024.

Fakta

I styringsdokumentet for Helse Vest IKT for 2022 er det i punkt 5 "Rapportering" teke med fylgjande om årleg melding:

«7.2 Årleg melding

I medhald av § 34 i helseføretakslova skal Helse Vest RHF sende ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet innan 15. mars 2024.

Helse Vest IKT AS skal sende ei tilsvarande årleg melding til Helse Vest RHF. Fristen for årleg melding er 15. januar 2024. Meldinga er med på å danne underlag for Helse Vest RHF si melding til departementet. Det skal rapporterast om alle krav og mål for 2023 nemnde i styringsdokumentet. I løpet av hausten 2023 vil det bli sendt ut ein mal for årleg melding som Helse Vest IKT AS skal bruke.»

Administrasjonen har mottatt mal frå Helse Vest RHF for årleg melding og nytta denne som *grunnlag* for framlagt utkast til melding.

Fakta

Administrasjonen har i år tatt med fleire interne områder, og noko mindre frå bidrag til helseføretaksgruppa, men har også i år lagt vekt på områder der Helse Vest IKT bidrar til forbetring i helseføretaka.

Utkastet til årleg melding er enno ikkje tilstrekkeleg gjennomarbeida og korrekturlest, dette vil bli gjort før oversending til Helse Vest RHF innan frist 15.01.2024.

Konklusjon

I lys av at frist for oversending til Helse Vest RHF er 15.01.2024, har administrasjonen valt å utarbeide ein *førebels* versjon. I den grad det kjem til relevant informasjon i siste del av desember 2023, vil dette også bli innarbeid i den endelege versjonen.



**Årleg melding 2023 for Helse
Vest IKT AS**

Innhald

1	Innleiing	2
1.1	Generelt – samandrag av positive resultat og uløyste utfordringar i 2023.....	2
	Nytt intranett i Helse Vest IKT	2
	Flunkande nytt internett i Helse Vest IKT	2
	Helse Vest IKT flyttar inn i Kronstad X.....	3
	Helse Vest tek grep for å auke evna til kontinuerleg forbetring	4
	Kunstig intelligens som teneste - viktig bidrag til trygg pasientbehandling	5
	Pasientens legemiddelliste - eit tryggare og meir effektivt helsevesen	6
	Helsepersonell får digital tilgang til journalinformasjon frå alle sjukehusa i Helse Vest...7	
2	Hovudmål 2023.....	8
3	Bemanning, leiing og organisasjon.....	8
3.1	Beredskap og sikkerheit	9
3.2	Samfunnsansvar og staten sine forventningar i eigarskapsmeldinga	9
4	IKT-utvikling og digitalisering	10
4.1	Journal- og samhandlingsløysingar	10
4.2	Betre bruk av helsedata	12
4.3	Digital samtykkeløysing for forskingsprosjekt	13
4.4	Digital sikkerheit og personvern	13
4.5	Spesifikt styringsbodskap til Helse Vest IKT AS	14
5	Ressursgrunnlag og finansieringsmodell	16
5.1	Finansieringsmodell	16
5.2	Balansekrav	16

1 Innleiing

Generelt – samandrag av positive resultat og uløyste utfordringar i 2023

Nytt intranett i Helse Vest IKT

Tysdag 7. februar fekk Helse Vest IKT ny startside. Det var ein stor dag der medarbeidarane vart møtte med eit heilt anna andlet då dei opna intranettet på plattformen Sharepoint online.

Helse Vest IKT var fyrst ute blant føretaka i Helse Vest med nytt intranett og nye temaområde på Sharepoint Online. Oppgradering av Sharepoint og kommunikasjon i M365 er eit delprosjekt i M365 sitt regionale prosjekt. Målet for det regionale prosjektet er å tilby alle medarbeidarar i Helse Vest tidsriktige, trygge og sikre løysingar for digitalt samarbeid som alltid er tilgjengeleg uavhengig av om ein er til stades på arbeidsplassen.

Det nye intranettet kan ikkje samanliknast med det gamle. Samhandling, interne lister og dokumentbibliotek er flytta over i Teams. Store mengder utdatert innhald døydde ut med den gamle plattformen. Anna innhald har blitt flytta over i regionale portalar, fordi målgruppa er heile Helse Vest, og ikkje berre IKT-arar.

Flunkande nytt internett i Helse Vest IKT

I mai 2023 fekk organisasjonen òg nytt internett og dermed nytt andlet ut mot det eksterne publikum.

Byttet betyr at Helse Vest IKT har fått ein annan teknisk plattform. Dette betyr i praksis at vi bytter teknisk løysing, altså CMS, som står for Content Management System. Vi går frå Sharepoint til Optimizely.

Overgangen er ein del av eit nasjonalt prosjekt, kor Helse Vest IKT tilhøyrer lanseringspulje 2. Saman med alle RHF-a, IKT-selskapa og sjukehusapoteka fekk vi innhaldet på den gamle nettsida migrert over til det nye systemet i starten av mai.

Både innhald og design er friska opp på dei nye nettsidene. Kommunikasjonsgruppa har valt å fokusere på å framheve kva Helse Vest IKT held på med, og vise menneska bak organisasjonen, for å rette oss mot potensielle arbeidssøkarar.

I etterkant av dette bytet har kommunikasjonsgruppa vår arbeid med å rydde i sidene, flytte og slette innhald, samt få på plass nytt og relevant innhald. Framover vil dei reindyrke nettsidene mot eit eksternt publikum med fokus på kva vi faktisk gjer og menneska bak.

Her finn du dei nye nettsidene våre: <https://www.helse-vest-ikt.no>



Helse Vest IKT flyttar inn i Kronstad X
Sommaren 2023 flytta Helse Vest IKT inn i nye kontorlokale i Bergen. Etter sommarferien var alle på plass i dei nye lokala.

Utflytting frå Utsikta, Haukelandsbakken og Knausen (2. etg) skjedde fredag 23. juni. Frå og med 17. juli var alle på plass på Kronstad X.

Dette betydde at frå 26. juni til 14. juli måtte alle som skulle flytte inn i Kronstad X nytte lokala i Ibsens gate 104 eller heimekontor grunna flytteprosessen. Unntaket var Kundesenteret og Driftssenteret, som flytta inn i Kronstad X allereie den 26. juni.

Frå og med tysdag 30. mai var det riving og ombygging i 1. etasje i Ibsens gate 104, der Klientdrift, Tele og signal og IKT-utstyr no sit.

No er dei fleste avdelingane med unntak av desse samlokalisert i Kronstad X. Håpet er at bygget skal bidra til eit samhald på kryss og tvers av avdelingar og fagområde og vere ein arena for samhandling og kollegialt samhald.



Helse Vest tek grep for å auke evna til kontinuerleg forbetring

I 2021 starta arbeidet med å få på plass ny styringsstruktur for Helse Vest. Foretaksgruppa tek med dette grep for å få opp tempo og auke evne til omstilling.

Den nye styringsstrukturen utgjer ei større endring for Helse Vest IKT enn for føretaka. Helse Vest IKT har i heile 2023 arbeidd med operasjonaliseringen av ny styringsstruktur som i praksis skal gjelde frå januar 2024.

For å forbetre digitaliseringsarbeidet i Helse Vest vart mandata for dei ulike organa i den nye styringsstrukturen i Helse Vest IKT fastsett i Direktørmøtet. Med dette starta arbeidet med å bemanne styringsorgana i områda og presisere oppgåver.

Helse Vest ønsker i praksis å bevege seg vekk frå å køyre store program/prosjekt til ei områdestyring kor prosjekt og forvaltning smeltast saman. Målet med endringa er at Helse Vest sin styringsstruktur for digitalisering skal understøtte kontinuerleg forbetring i større grad.

Den nye styringsstrukturen forsterkar moglegheita for å nå dei fire prinsippa for digitalisering:

- rammer vert definerte i fellesskap i heile Helse Vest
- samordna styring av utviklingsinitiativ i hele Helse Vest
- løysingar vert utvikla tettare på linja og brukarane
- avgjerder vert tekne på lågast moglege nivå

Det vil òg krevje ein innsats for å nå målsettinga om at ny styringsstruktur skal legge til rette for kortare tid frå behov oppstår til løysing, noko områdestyra vil vere bevisste på i det vidare arbeidet.

Fordelen ved å starte opp alle områda samstundes er at alle då får like høg prioritet frå start, og tid til å modnast for ein solid oppstart med leveranse- og økonomiansvar frå januar 2024.

Nye område og områdeeigarar

Dei nye områda som etablerast er som følgjer, og har følgande områdeeigarar:

- Pasientbehandling - Bjørn Egil Vikse
- Økonomi og forsyning - Per Karlsen
- Infrastruktur for sjukehusdrift - Ivar Eriksen
- Medarbeidar, organisasjon, analyse, utdanning og kompetanse – Hilde Brit Christiansen
- Arkitektur og datastyring – Ole Jørgen Kirkeluten
- IKT-infrastruktur og delte tenester - Ole Jørgen Kirkeluten

Den nye strukturen erstattar mellom anna Porteføljestyret og Teknologirådet. I tillegg vil fleire fora justerast i takt med at områda kjem i gang med praktisk arbeid. Eksempel på dette kan vere forvaltnings- og styringsorgan, programstyre med meir.

Pasientbehandling delast opp i fleire område med eit felles områdestyre

Pasientbehandling skal arbeidast vidare med av Bjørn Egil Vikse i samarbeid med områdestyret med utgangspunkt i ansvarsområdet dei har. Det vil bli gjort kontinuerlege forbetringar i mandat og områdeinndeling etter kvart som Helse Vest får erfaring med den nye strukturen.

Helse Vest IKT har fått ansvar for prosessen med å bemanne alle områdeleiarstillingane, samt leiarstillinga for digitaliseringssekretariatet.

Kunstig intelligens som teneste: Viktig bidrag til trygg pasientbehandling

2023 vart KI-teamet etablert i Helse Vest IKT, og organisasjonen tilbyr no Kunstig intelligens som teneste for helseføretaka i Helse Vest.

Helse Vest IKT har fått på plass eit KI-team som skal hjelpe føretaka å utnytte heile innovasjonspotensialet innan kunstig intelligens.

Det skal vere lett for føretaka å byrje med KI-arbeid. Helse Vest IKT trur KI kan bli ei viktig og nyttig brikke i pasientbehandlinga, pasientsikkerheitsarbeidet og i det administrative arbeidet til føretaka.

På sikt ønskjer Helse Vest IKT å nå ut til føretaka for å auke forståinga av KI, og hjelpe dei tilsette å identifisere oppgåver som kan automatiserast eller forbeistrast med hjelp av KI.

På denne måten vil føretaka betre forstå moglegheitene dei har for automatisering og forbetring av oppgåver, og samstundes sikre at KI vert brukt på ein ansvarleg og trygg måte.

Kva er KI?

Det finst mange definisjonar av Kunstig intelligens. Helse Vest IKT sitt team definerer KI som gjenskaping av ei kognitiv ferdigheit hos mennesket. KI løyser altså oppgåver som typisk krev menneskeleg intelligens.



Vidare kan ein definere Kunstig intelligens som ein teknologi som let maskiner gjere ting som vanlegvis berre menneske kan. KI lærer seg vanlegvis kunnskap via

analyse av store datamengder. Eksempel på KI-kunnskap er å forstå tekst, kjenne att objekt i bilete eller finne mønster i store komplekse datasett.

Fleire KI-prosjekt i gong

Helse Vest IKT sitt KI-team har byrja arbeidet med forskjellige innovasjons- og forskingsprosjekt som Klinisk NorBERT (HV), Assyst Dispatching (HV IKT), Spechbase (HBE) og AISMEC (HBE).

I AISMEC-prosjektet skal KI identifisere pasientar med hjerneslag for 113-operatørar direkte på telefon, medan KI i Spechbase skal hjelpe å redusere unødvendige dobbeltprøver ved Hormonlaboratoriet.

Føretaka kan få eigen server

Helse Vest IKT gir føretaka moglegheit til å sjølve kunne utvikle KI-modellar med eige KI-servertilbod. Ein slik server inneheld standard KI-programvarer, som kan handtere sensitive data og har nok reknekraft (Nvidia GPU) til å kunne støtte dei fleste moderne KI-modellane. Desse serverane ligg ikkje i skya, men lokalt i Helse Vest sine datasenter og kan spare mange forskingsprosjekt og analysemiljø for dyrt utstyr, og unødvendige anskaffingskostnadar.

Pasientens legemiddelliste - eit tryggare og meir effektivt helsevesen

Tryggare legemiddelbehandling, god pasientsikkerheit, og betre samhandling mellom helseinstitusjonar. Difor vart Pasientens legemiddelliste innført på Haraldsplass og i Mottaksklinikken på Haukeland i oktober.

Pasientens legemiddelliste (PLL) er ei ny løysing for felles oversikt over legemidla pasienten brukar. I dag ligg denne informasjonen ofte spreidd.

Feil bruk av legemiddel er årsak til både dødsfall og eit høgt tal reinnleggingar på sjukehus. Ein viktig årsak til legemiddelfeil er at det er vanskeleg for helsepersonell å få ei fullstendig og god oversikt over pasienten sine legemiddel.

PLL er ei ny løysing som skal gi informasjon om legemiddel ordinert av både fastlege, sjukehuslege, sjukeheimslege og andre legar, og skal bidra til tryggare legemiddelbehandling og meir effektive arbeidsprosessar i pasientovergangar mellom verksemder i helse- og omsorgstenesta.

Prøver ut løysinga i Bergen

Bergen kommune er peika ut som utprøvningsområde for PLL. Dersom utprøvinga vert vellukka vil løysinga på sikt innførast nasjonalt.

Utprøvningsprosjektet i Bergen vert gjennomført i form av to delprosjekt knytte til det nasjonale utprøvningsprosjektet, som vert leia av Norsk Helsenett (NHN) på oppdrag frå Direktoratet for e-helse.

Delprosjekta er Bergen kommune (fastlegar, sjukeheimar, heimetenesta) og Helse Vest ved Haraldsplass Diakonale sjukehus og Haukeland universitetssjukehus.

Dette vil gi betre kvalitet på ordinasjonane i MEONA, og spare legane for tid til plotting. Når pasientar vert skrivne ut, skal legane på til dømes Mottaksklinikken sørge for at dei får sendt ut ein oppdatert PLL, slik at fastlegen og andre kan følge opp. Pasientens legemiddelliste vert eit godt verktøy for trygge overgangar inn og ut av sjukehuset, for pasientsikkerheit og samhandling.

Helsepersonell får digital tilgang til journalinformasjon frå alle sjukehusa i Helse Vest
Med dei nye tenestene som skal innførast i november 2023, er kjernejournalen endeleg på veg til å bli eit nyttig verktøy i helsepersonell sin kvardag.

21.november 2023 vart pasientens journaldokument frå sjukehus i Helse Vest tilgjengeleggjort i pasientens kjernejournal.

Helsepersonell som har tilgang til kjernejournalen får tilgang til dokumentlista frå sjukehus i Helse Vest og Helse Sør-Øst.

Det betyr at alle med tilgang til kjernejournal via sitt pasientjournalsystem, kan gjere oppslag i dokumentlista for dei pasientane dei har behandlarrelasjon til. Foreløpig vil berre fastlegar ha tilgang til å kunne opne og lese journaldokument for sine pasientar.

Dette vil endrast, og fleire grupperingar av helsepersonell vil etter kvart få tilgang, som for eksempel helsepersonell på dei kommunale legevaktene.

Vil få tilgang på tvers av regionar

I løpet av 2024 vil òg sjukehuspersonell få tilgang til pasientens journaldokument på tvers av helseregionar, og ikkje berre i eigen region.

Det vil gi helsepersonell raskare tilgang til helseopplysningar som igjen kan gi eit betre avgjerdsgrunnlag for å yte forsvarleg helsehjelp.

Både nasjonalt og i Helse Vest er det fleire store prosjekt på gong innan digital samhandling. Pasientens prøvesvar, Kritisk informasjon, og Pasientens legemiddelliste skal òg bidra til informasjonsutveksling via kjernejournalen til den enkelte pasient.

2 Hovudmål 2023

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT om å gjere greie for involveringa i følgjande prosjekt innan Topp 5 risiko:

- legemiddelområdet
- vald og truslar mot medarbeidarar
- uønskt variasjon – radiologi og ortopedi
- IKT og informasjonssikkerheit
- ekstern turnover av medarbeidarar

Helse Vest IKT har i løpet av 2023 gjennomført prosjektet «Modernisert Sikkerhetsarkitektur», der sluttrapport har fleire tilrådingar for vidare arbeid. Dei ulike tilrådingane vert følgde opp i «Digital plattform», med mellom anna passordlaus innlogging og hybrid sikkerhetsarkitektur, skal implementerast og prøvast ut i utvalde kliniske brukstilfelle.

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS om å:

- delta vidare i nettverket for risikostyring i Helse Vest
- legge nye prinsipp og retningslinjer for risikostyring til grunn i risikoarbeidet
- bidra i arbeidet med å ta i bruk eit IKT-verktøy for risikostyring
- delta i arbeidet med omsyn til topp 5 risikoar i regionale og lokale arbeidsgrupper

Helse Vest IKT har ei sentral rolle i regionalt nettverk for risikostyring i Helse Vest, i felles arbeid med å etablere nye regionale retningslinjer for risikostyring, samt i å sikre at risikostyring vert ein sentral del av verksemdstyringa i heile Helse Vest. Informasjons-tryggleiksmiljøet i Helse Vest IKT har gjennom sin samla kompetanse innan risikostyring moglegheit til å utgjere spydspissen i arbeidet med å utvikle risikoarbeidet i Helse Vest. Samstundes er det utfordrande å ta vare på dei einskilde krava frå forskjellige fagmiljø.

Det er viktig at Helse Vest IKT får moglegheit til å halde fram med sitt engasjement inn i det regionale arbeidet og regionalt nettverk for risikostyring i Helse Vest.

3 Bemanning, leing og organisasjon

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS om å:

- halde fram med og forsterke arbeidet med å utvikle heiltidskultur i Helse Vest IKT AS.

Helse Vest IKT nyttar ikkje ufrivillig deltidsarbeid. Selskapet tilset medarbeidarar i 100% stillingsstorleik og skal ikkje ha deltidstilsette utan at omsynet til den einskilde medarbeidaren tilseier redusert stilling for ein kortare eller lengre periode.

- gjere ein kritisk gjennomgang av behov for innleige i føretaksgruppa med sikte på reduksjon i omfanget.

Helse Vest IKT arbeider kontinuerleg med å redusere omfanget av innleige, mellom anna med rekruttering av interne ressursar, men òg ved å sjå på nye måtar å arbeide på som aukar effektivitet, og dermed reduserer behov.

- gjennomføre dei tiltak som blir sette i verk frå dei fire regionale helseføretaka i samarbeid med Sykehusinnkjøp HF.

Helse Vest IKT følger nasjonale rammeavtalar for innleige, og nyttar minikonkurransar i alle anskaffingar knytt til innleige.

- sørge for å redusere bruken av innleige i tråd med føresetnadane i arbeidsmiljøloven § 14-12, sjuande ledd.

Helse Vest IKT nyttar i svært liten grad innleige frå bemanningsbyrå, og har berre tidsavgrensa innleigekontraktar som er i tråd med føresetnadane i arbeidsmiljølova.

Beredskap og sikkerheit

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS om å:

- etablere nasjonalt begrensa nett (NBN) (tekst og tale) i samarbeid med Norsk helsenett SF.

Helse Vest IKT har etablert NBN på kontor i Bergen, Førde og Haugesund i samarbeid med Forsvarsdepartementet og Norsk Helsenett. Det er òg lagt til rette for mobile løysingar for å kunne delta i graderte møter på video.

- følgje opp med tiltak knytt til utpeikte skjermingsverdige verdiar. Dette vil bli formidla på eigna måte.

Det har i 2023 vore arbeidd med risikovurderingar for skjermingsverdige verdiar på oppdrag frå HOD. Tiltak for å beskytte skjermingsverdige verdiar er dokumentert i gradert risikovurdering.

- sikre robust infrastruktur i AMK-ane.

Helse Vest IKT har hatt fokus på å levere stabil infrastruktur til AMK-ane, og har høg oppetid på løysingane. I tillegg har Helse Vest IKT bidrege i det inter-regionale AMK-prosjektet innanfor ROS-analyse.

Samfunnsansvar og staten sine forventningar i eigarskapsmeldinga

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS om å:

- følgje staten sine forventningar som kjem fram i eigarskapsmeldinga.

Helse Vest IKT arbeider aktivt og målretta for gode arbeidsforhold, inkludering og mangfald. Aktivitetane omfattar rekruttering, løn- og arbeidsvilkår, karrierevegar, utvikling/opplæring, tilrettelegging, kombinasjon arbeid og familieliv, likestilling, medverknad og vern mot trakassering. Arbeidsmiljøet vert kartlagt årleg gjennom ForBetringsundersøkinga, og det er utarbeidd handlingsplanar. I 2023 starta «En bra dag på jobb», eit dialogverktøy for heile selskapet med fokus på psykososialt arbeidsmiljø. Selskapets tilsette i Bergen flytta våren 2023 inn i nytt, moderne og fysisk godt tilrettelagt bygg. Det er utarbeidd retningsliner for lærlingar, slik at selskapet kan ta sitt samfunnsansvar på dette området. Helse Vest IKT følgjer staten sine retningsliner for leiarløn, og rapporterer årleg justering i eigen lønsrapport i samheng med årsrekneskapen. Leiarlønsrapport for 2022 vart vedteken av styret i juni 2023, og publisert på nettsida til Helse Vest IKT.

- følgje opp aktivitetar/krav på område samfunnsansvar i tråd med nytt rammeverk for samfunnsansvar med vedlegg når dette ligg føre.

Helse Vest IKT deltek i regional arbeidsgruppe for samfunnsansvar, og nyttar rammeverket innanfor relevante område. Helse Vest IKT rapporterer aktivitetar/krav i forhold til miljø og klima til Helse Vest RHF.

4 IKT-utvikling og digitalisering

Journal- og samhandlingsløysingar

Helse Vest RHF ber helseføretaka og Helse Vest IKT AS om å:

- aktivt delta i det interregionale samarbeidet om vidareutvikling av journal- og samhandlingsløysingar.

Helse Vest IKT deltek i det interregionale samarbeidet om vidareutvikling av journal- og samhandlingsløysingar gjennom aktiv deltaking i konkrete interregionale program, prosjekt, samarbeidsgrupper og utprøving, samt gjennom representasjon i ulike styringsliner der det er naturleg for Helse Vest IKT å delta ut frå rolle og ansvar. I tillegg er Helse Vest IKT representert i nasjonale råd og utval som NUIT og NUFA som overordna er med å påverke og prioritere vidareutvikling av journal- og samhandlingsløysingar i sektoren. Gjennom deltaking i det Interregionale arkitekturutvalet som ligg under RHF IKT-direktørmøte, sit Helse Vest IKT tett på det interregionale samarbeidet og bidreg med kompetanse og råd til den interregionale prosjektporteføljen, samt for involvering i interregionale initiativ og samarbeid.

Helse Vest IKT bidreg òg aktivt i ulike nasjonale samarbeidsgrupper for koordinering av behov og krav på vegne av føretaksgruppa innan vidareutvikling av journal- og samhandlingsløysingar. Representantar frå Helse Vest IKT koordinerer og deltek i interregional arbeidsgrupper for strukturering og bruk av Felles språk. Utover dette er Helse Vest IKT aktive medspelarar i felles løysingstilnærmingar i samarbeid med DIPS Arena i regionane. Helse Vest IKT bidreg òg i dialogen med kommunesektoren for å komme fram til gode framtidige samhandlingsløysingar, både i tilknytning til Velferdsteknologisk knutepunkt (VKP) og Felles journalløft for kommunane.

Vidare deltek to representantar frå Helse Vest IKT i det nasjonale standardiseringsutvalet som skal vere med og bidra til semantisk samhandlingsevne, både nasjonalt og internasjonalt innan helsesektoren.

- aktivt delta i arbeidet med Felles plan for digitalisering for 2023, i den hensikt å sikre lokale og regionale bidrag inn i det interregionale og nasjonale samarbeid om digitalisering.

Representant frå Helse Vest IKT koordinerer Helse Vest sitt arbeid med Felles plan og sit i den interregionale kjernegruppa for arbeidet. Gjennom dette arbeidet vert ein rekke av Helse Vest IKT sine ressursar involverte i skrivearbeid og deltek i interregionale arbeidsgrupper gjennom året for å svare ut rapporteringskrava frå Føretaksprotokollen på dei ulike områda. Dette arbeidet er med på å styrke det interregionale samarbeidet og Helse Vest IKT si involvering.

- bidra til det nasjonale samarbeidet innanfor IKT-området, med særleg vekt på;
 - Program Digital samhandling og Legemiddelprogrammet, under dette arbeid med Utprøving av Pasienten si legemiddelliste i Bergen/Helse Vest og SAFEST, trinnvis innføring av dokumentdeling via Kjernejournal og klargjere for innføring av Pasienten sine prøvesvar (tidlegare NILAR).
 - Delta i arbeidet med målarkitektur for Digitale helsetenester (DHO).

Helse Vest IKT deltek aktivt i det nasjonale samarbeidet om løysingane som inngår i Program for digital samhandling og Program for pasientens legemiddelliste og deltek med erfaringsutveksling og løysingstilnærming etter kvart som løysingane vert utprøvde og innførte i dei enkelte regionane. Fleire ressursar frå Helse Vest IKT deltek inn i det interregionale samarbeidet på området og i forlenginga ved utprøving og innføring i Helse Vest. For Pasientens journaldokument har Helse Vest hatt eit godt og nært samarbeid med Helse Sør-Øst og Helse Nord for vurdering og deling av innføringstilnærming. Tilsvarande for Pasientens prøvesvar. Helse Vest IKT har òg prosjektleiinga for den regionale innføringa i Helse Vest på desse to områda.

Helse Vest IKT har med fleire ressursar i tilknytning til det nasjonale utprøvingssjettet for PLL, gjennom utprøving av PLL-konseptet i Bergens-regionen. Prosjektlear for utprøving i Bergen på spesialisthelsetenesta si side er ein Helse Vest IKT-ressurs. Vidare er Helse Vest IKT representert i dei nasjonale styringsgruppene for PLL-utprøvinga og for Sentral forskrivingsmodul (SFM) og samarbeidsforumet for SFM.

Helse Vest IKT er representert i den nasjonale styringsgruppa for SAFEST og grunndata for legemiddelområdet, og er produkteigar for området ernæring, som er eit av fire kravområde til prosjektet.

Helse Vest IKT har delteke aktivt i den nasjonale arbeidsgruppa for utarbeiding av målarkituren innan området og har bidrege tungt til høyringssvaret frå Helse Vest på den same målarkituren. Helse Vest IKT sine representantar i Interregionalt arkitekturutval har, saman med dei andre regionane, gjeve innspel i fleire rundar til Direktoratet for e-helse i tilknytning til utarbeiding av målarkituren.

- bidra til det interregionale samarbeidet på IKT-området i prosjekt der Helse Vest er hovudsamarbeidspart, mellom anna; Pasienten si legemiddelliste, Kritisk informasjon, AMK IKT, Digital patologi.

Helse Vest IKT deltek med sentrale prosjektressursar i alle interregionale prosjekt på IKT-området der Helse Vest er hovudsamarbeidspart. Dette gjeld innan fagområda prosjektleiing, arkitektur, testleiing, integrasjon, tryggleik, personvern, drift og forvaltning. Fleire prosjekt er forseinka som følgje av utsette leveransar frå leverandør, og ressursar frå Helse Vest IKT deltek aktivt for å komme vidare og få fram gode løysingar på områda.

- bidra til ei regional satsing på digitale helsetenester. Digitale helsetenester skal bidra til pasientens helseteneste ved å auke tilgjengelegheit og effektivitet i tenestene. Befolkninga skal få forsvarlege helsetenester utan at bruken av helsepersonell aukar. Det skal utarbeidast ein plan – strategi for digitale helsetenester. Strategien skal operasjonalisert ved eit vegkart som blir rullert halvårleg.

Helse Vest IKT bidreg på fleire områder for å støtte oppunder regional satsing på digitale helsetenester.

- 1) Bidreg til bredding av eksisterande løysingar ved behov
- 2) Leverandørdialog
- 3) Aukar den tekniske endringsevna gjennom vidareutvikling av digital plattform. Den digitale plattformen skal støtte heilheiltlege digitale helsetenester, både for primærføremålet pasientbehandling, men òg for sekundærføremål som forbetring av pasientforlaup, rapportering til ulike register, kliniske studiar, forskning mv. Utvikle målarkitektur med informasjonsmodellar og terminologi.
- 4) Bidreg gjennom ny styringsstruktur for digitalisering i Helse Vest. Delområde for digitale helsetenester vil vere sentralt for utvikling og forbetring av dei tekniske løysingane, samt for fasilitering av regionalt samarbeid om ibruktaking og bredding. Delområde for digitale helsetenester vil vedlikehalde plan og vegkart.

- samarbeide om gjennomføring av regionale og lokale initiativ innanfor digitalisering.

Helse Vest IKT deltek med ressursar frå ulike fagområde i dei aller fleste programma og prosjekta i Helse Vest si portefølje. Helse Vest IKT er programeigar for programmet Byggstøtte IKT. Helseføretaka deltek i arbeidet i programmet. Bidraga kjem frå mellom anna prosjekt- og testleiarar, arkitektar, integrasjonsressursar, utviklarar, systemforvaltarar og driftspersonell. Helse Vest IKT bidreg òg med ressursar innan informasjonstryggleik, personvern og økonomi, samt verksemdarkitektur og porteføljestyling.

Betre bruk av helsedata

Helse Vest RHF ber helseføretaka og Helse Vest IKT AS om å:

- følge opp arbeidet med bedre bruk av helsedata i tråd med dei føringar som er gitt frå Helse- og omsorgsdepartementet og Direktoratet for e-helse.

Helse Vest IKT har bidrege aktivt i arbeid med å innføre søknadsskjema for nye kvalitetsregister som er forankra i Helse Vest basert på felles godkjent plattform og løysing. Helse Vest IKT har fast representant i Teknologiråd for medisinske kvalitetsregistre (FMK) og bidreg på den måten til å påverke og støtte automatisert datafangst frå fagsystem til nasjonale kvalitetsregister. Vi jobbar òg aktivt med å legge til rette for automatisert datafangst for register som er forankra i Helse Vest.

Digital samtykkeløysing for forskingsprosjekt

Helse Vest RHF ber helseføretaka og Helse Vest IKT AS om å:

- bidra til det interregionale samarbeidet om digital samtykkeløysing for forskingsprosjekt der pasientinformasjon blir registrert via helsenorge.no.

Prosjekt Digitale skjema og brev, samt Vestlandspasienten har levert samtykkeløysing på Helsenorge. Det vert jobba med å sjå på ei utviding av denne til forskingsprosjekt.

Digital sikkerheit og personvern

Dei regionale helseføretaka er bedne om, og dermed ber Helse Vest RHF helseføretaka og Helse Vest IKT om å:

- bidra i oppdatering av dei regionale handlingsplanane for det systematiske arbeidet med å styrke informasjonssikkerheita og med å lukke dei sårbarheitene som Riksrevisjonen si undersøking avdekkka. Helse Vest RHF skal, på vegner av helseføretaksgruppa, oppdatere den regionale handlingsplanen innan 1. mai kvart år og rapportere frå forbetningsarbeidet.

Helse Vest IKT har bidrege aktivt i arbeidet med dei regionale handlingsplanane for å styrke informasjonssikkerheita og lukke dei sårbarheitene som vart avdekkka av Riksrevisjonen.

- gjennomgå eige beredskapsplanverk og vurdere behovet for å sette i verk ytterlegare førebyggjande tiltak og tiltak for å handtere og rette opp att funksjon etter tilsikta eller utilsikta hendingar mot eigen infrastruktur, IKT-system og viktige verdier.

Helse Vest IKT bidreg til vidareutvikling av beredskapsarbeid og planer gjennom aktiv deltaking i Regionalt beredskapsarbeid. Helse Vest IKT baserer sine planer på den regionale planen.

Helse Vest IKT har meldt inn 3 representantar til arbeidsgruppe som skal revidere Regional helseberedskapsplan Helse Vest - delplan IKT

- utarbeide ein årleg rapport i samarbeid med Norsk helsenett SF om truslar og trendar som spesialisthelsetenesta kan nytte i sitt arbeid med risiko- og sårbarheitsvurdering innan 1. juni kvart år. Erfaringar frå hendingar, penetrasjonstesting og portskanningstestar vil vere relevante.

Ei interregional arbeidsgruppe har produsert felles trusselvurdering for spesialisthelsetenesta for 2023. Helse Vest IKT har bidrege i ei referansegruppe, og har gitt innspel under utarbeiding av rapporten.

Spesifikt styringsbodskap til Helse Vest IKT AS

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS om å:

- bidra aktivt til det nasjonale samarbeidet innanfor IKT-området i tråd med og innanfor dei føringane som går fram av kapittel 5.1, 5.2 og 5.3.

Helse Vest IKT deltek med representantar i både NUIT og NUFA i den nasjonale rådsmodellen som gir innspel til det nasjonale vegkartet for utvikling og innføring av nasjonale e-helseløysningar. Helse Vest IKT deltek òg med ressursar i dei ulike programma og prosjekta i vegkartet. I tillegg er det samhandling på ulike nivå med Norsk Helsenett, samt IKT-selskapa i dei andre helseregionane.

- ha eit særleg fokus på arbeidet med IKT-sikkerheit for føretaksgruppa Helse Vest RHF, jf. kapittel 5.4.

Helse Vest IKT har følgd opp punkt frå revisjonar og gjennomført tiltak. Det er innanfor områda sikring av serverar med mikrosegmentering, kontroll på filområder og arbeid med sikkerheitssaker i regelmessige sikkerheitsdagar i blant anna Tenesteproduksjon. Ein har og fokusert på deteksjon av unormal aktivitet i nettverket. For å styrke arbeidet med IKT-Sikkerheit i Helse Vest har ein etablert Sikkerheitakademiet. Det starta i november, og i løpet av første kvartal i 2024 vil ein ha 10 nye medarbeidarar på plass.

- øve på handteringa av uønska kritiske hendingar, jf. NSM sine grunnprinsipp for IKTsikkerheit. Dette skal skje i samarbeid med Norsk helsenett SF.

Det har gjennom 2023 vore titals skarpe beredskapssituasjonar der Helse Vest IKT har handtert uønska kritiske hendingar. Hendingane blir nøye gått gjennom i incidentrevisjon i etterkant. Helse Vest IKT har derfor god trening i å oppdage, varsle og handtere ein beredskapssituasjon der prosessar, rutinar og verktøy blir nytta som avtalt. Det har i tillegg vore halde regionale diskusjonsøvingar for større hendingar utover IKT-problem.

- delta aktivt i arbeidet med utvikling av ny styringsstruktur for digitalisering i Helse Vest.

Helse Vest IKT har vore ein aktiv bidragsytar for ny styringsstruktur for digitalisering, både i dialog med områdeigarar og digitaliseringsstyre. Interne arbeidsgrupper i Helse Vest IKT arbeider med operasjonalisering av styringsmodellen, blant anna leveransemodell, ressursallokering, leverandørdialog og økonomimodell, samt smidig

arbeidsform.

- følge opp gjennomføring av det regionale programmet Byggstøtte IKT i tett dialog og samarbeid med helseføretaka.

Helse Vest IKT har gjennom 2023 aktivt støtta opp under programmet Byggstøtte IKT. Programmet har i denne perioden hatt store leveransar til Glasblokkene i Bergen og jobbar no intensivt med leveransar til Nye SUS og LIVA-bygget i Førde. Programmet melder grøn status.

- gjennomføre prosjekt for å sikre stabil drift og gode tenester til brukarane i Helse Vest, mellom anna;
 - Vidareutvikling av løysing for "offline backup" for sikring av informasjon.
 - Sikre regional forvaltning av Microsoft 365.
 - Gjennomføre utskifting av IKT-infrastruktur i tråd med investeringsbudsjettet, for å oppretthalde funksjonalitet og kvalitet for infrastrukturen.
 - Gjennomføre vidare innføring av ny teknologi basert på "kubernetes", for å kunne forenkle leveransar av nye tenester.

Helse Vest IKT har bestilt inn utstyr til å etablere "offline backup", og løysinga vil vere i drift i løpet av første kvartal 2024. Dei andre punkta er det òg levert på i regi av Helse Vest IKT.

- følge opp kundeforhold i tråd med vedtak i sak 038/22D, jf. nedanfor.

Det er gjennomført møte med fleire av verksemdene. Avtalen med to verksemdar er under avvikling.

Oppfølging av kundeforhold

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS om å:

- gjere ein heilskapleg gjennomgang av kundeporteføljen sin og utarbeide ei oversikt over avtaler som er inngått og omfanget av ressursbruken hos Helse Vest IKT knytt til desse.

SLA-avtala med føretaka gjev en oversikt over kundeavtaler som er inngått med Helse Vest IKT. Helse Vest IKT har ikkje eksakt oversikt over ressursbruk per kunde, men mykje er talfesta gjennom ulike leveransar til prosjekt og sal av produkt og tenester.

- lage ein plan for korleis Helse Vest IKT AS på sikt skal kunne innrette si verksemd mot helseføretaka i Helse Vest og dei sju private leverandørane som Helse Vest RHF har langsiktige avtaler med om levering av helsetenester.

Planen er at Helse Vest IKT seiar opp avtalane med konkurranseutsette verksemdar, samt KAD-einingar. Helse Vest IKT er i gong med å seie opp ei rekke avtalar i 2023.

5 Ressursgrunnlag og finansieringsmodell

Finansieringsmodell

Helse Vest IKT skal:

- vidareføre/kvalitetssikre arbeidet med ein prisingsmodell der det er samanheng mellom aktivitet og kostnadar i selskapet.

Aktivitetsmodellen/tenesteomfang for Helse Vest IKT er regulert i Tenesteavtalen med kundane (SLA). Kostnadane per teneste vert regulerte gjennom budsjett, og fordelt mellom dei ulike føretaka, inklusive private/ideelle.

Balansekrav

Helse Vest IKT skal:

- sørge for at kostnadsrett prising av tenestene inkluderer rett fordeling mellom dei ulike tenestegruppene.

Økonomimodellen i Helse Vest IKT er i hovudsak vidarefakturering av faktiske kostnadar (avskrivning, lisensar, konsulentar mv), samt fakturering av estimert eller faktisk timeforbruk knytt til dei enkelte tenester eller prosjekt. Dette er i hovudsak tenkt vidareført i ny økonomimodell for områda.

- gjennom god verksemdstyring medverke til at det blir samordningsgevinstar i føretaksgruppa.

Helse Vest IKT bidreg i gevinstarbeidet regionalt gjennom prosjekta, samt ved vurdering av felles infrastruktur og felles løysingar. Resultatkravet for Helse Vest IKT for 2023 er fastsett til 1 mill. kroner.

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 29.11.2023
SAKSHANDSAMAR: Ole Jørgen Kirkeluten
SAKA GJELD: **Godkjenning av revidert utviklingsplan for Helse Vest IKT**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 065/23 B

STYREMØTE: 08.12.2023

FORSLAG TIL VEDTAK

- 1. Styret godkjenner revidert utviklingsplan for Helse Vest IKT.*

Oppsummering

Hensikta med saka er å legge fram revidert utviklingsplan for godkjenning av styret.

Utviklingsplanen set mål og retning for den vidare utviklinga av Helse Vest IKT i lys av oppdraget vårt, utviklingstrekk og endringane som skjer rundt oss. Den skal bidra til å skape engasjement, eigarskap og ein felles identitet hos alle leiarane og medarbeidarane i Helse Vest IKT.

Det er viktig å forstå utviklingsplanen i lys av *Strategi for digitalisering* i Helse Vest, som set retning på digitaliseringsarbeidet i Helse Vest. Helse Vest IKT sin utviklingsplan handlar mellom anna om korleis selskapet skal utviklast for å svare ut ambisjonane og retninga i *Strategi for digitalisering*.

Utviklingsplanen er på eit strategisk og overordna nivå og peikar retning mot kva vi skal strekke oss etter. Den skal vere relativt stabil over tid og gjeldande så lenge forutsetningane som ligg til grunn er gyldige. Som supplement til utviklingsplanen vil vi arbeide med mål og tiltak for kortare tidsperiodar. Slik kan vi halde fast ved ei langsiktig retning, samstundes som vi kan evaluere og justere undervegs.

Utviklingsplanen er vedlagt saka.



Utviklingsplan



Utviklingsplanen set mål og retning for den vidare utviklinga av Helse Vest IKT.

Forord

1. november 2023, av administrerende direktør Ole Jørgen Kirkeluten



Helse Vest IKT er eitt av dei største IT-miljøa på Vestlandet. Vi har eit sterkt fagmiljø med stor fagleg breidde og motiverte menneske som brenn for samfunnsoppdraget vårt. Dette er avgjerande for ei solid spesialisthelseteneste i åra fremover.

Utviklingsplanen set mål og retning for den vidare utviklinga av Helse Vest IKT i lys av oppdraget vårt, utviklingstrekk og endringane som skjer rundt oss.

Dei fire strategiske måla viser kva vi skal strekke oss mot - både i det daglege arbeidet og i den langsiktige styringa av selskapet.


Slik bidreg utviklingsplanen til å sikre at Helse Vest IKT forblir ein attraktiv IKT-leverandør og samarbeidspartnar for helseføretaka. Tett samarbeid på tvers av

fag er viktig dersom vi skal evne å levere løysingar som hentar ut nytteverdien av teknologi og reduserer arbeidsbyrda for helsepersonell.

Gjennom utviklingsplanen ønsker vi å stadfeste posisjonen vår som ein framoverlent samarbeidspartnar med unik bransjekunnskap og nærleik til helseføretaka. Dette ser vi att i måla i utviklingsplanen og det set krav til både Helse Vest IKT og helseføretaka. Digitaliseringsarbeidet i helseføretaka må innrettast slik at vi blir ein integrert bidragsytar tett på behov og problemstillingar, og gjerne saman med strategiske underleverandørar. Sjølv må vi evne å vidareutvikle ein samarbeidskultur og legge til rette for tett samarbeid «der det skjer».

Kvar dag går vi på arbeid til det beste for føretaka. Vi må våge å sette oss høge mål, vere villige til å «brette opp ermane» og gjere det som må til. Og, ikkje minst: Det skal vere gøy å vere god, å lukkast og å ha kompetanse.

La oss saman bygge eit selskap som vi kan vere stolte av og som kan utgjere ein forskjell også framover!



Vi må bidra til vår felles helseteneste, der pasientar skal oppleve heilskapelege og samanhengande tenester.

Utfordringsbiletet i helsetenesta er godt kjent, med auka behov for helsetenester parallelt med mangel på helsepersonell. Tenestene må leverast meir effektivt og på nye måtar, der teknologi er eitt av verkemidla.

For å lukkast må endringstakta for dei teknologiske løysingane opp, slik at teknologien bidreg til tenesteutviklinga. Løysingane må vere betre tilpassa brukarane, i tråd med målet om ein enklare arbeidskvardag for helsepersonell i den nasjonale e-helsestrategien.

I Helse Vest har endringar i organiseringa av digitaliseringsarbeidet òg konsekvensar for oss. Drift, forvaltning og utvikling smeltar meir saman og krev endringar i både arbeidsmåtar, kultur, kompetanse og det teknologiske fundamentet.

Nasjonalt peikar det politiske biletet


mot meir samarbeid på tvers av aktørane i sektoren. Vi må bidra til vår felles helseteneste, der pasientar skal oppleve heilskapelege og samanhengande tenester. Og vi må bruke dei samla økonomiske og menneskelege ressursane på best mogleg måte. Teknologmangel og endra forventningar til arbeidsgjevar gjer at vi må vere attraktive for å tiltrekke oss og behalde dei rette folka.

Globalt ser vi at auka uro stiller strengare krav til korleis vi arbeider med informasjonstryggleik og beredskap. Teknologiutviklinga skjer òg stadig raskare. Sky opnar eit univers av moglegheiter som vi må utnytte. Dette vil òg kunne endre arbeidskvardagen, rollene og kompetansebehovet til medarbeidarane.

Vurderingar av korleis alle desse faktorane påverkar oss ligg til grunn for måla i utviklingsplanen.

Måla våre

Vi har sikker, stabil og effektiv drift av infrastruktur og løysingar



Vi er ein framoverlent samarbeidspartnar i helseføretaka sin digitale transformasjon




Vi har ein moderne digital grunnmur



Vi lukkast gjennom trygge, engasjerte og kompetente tilsette



Vi har sikker, stabil og effektiv drift av infrastruktur og løysingar



Sikker, stabil og effektiv drift av IKT-infrastruktur og -løysingar er heilt avgjerande for at over 37.000 medarbeidarar i sjukehusa i Helse Vest bidreg til å levere trygge og gode helsetenester til kring 1,1 millionar vestlendingar. Kvar dag, heile døgnet og heile året, sikrar vi at teknologi og informasjon er tilgjengelege og at helseopplysningar og andre sensitive data er korrekte og beskytta mot ikkje- autorisert tilgang. Det gjeld òg for drift og forvaltning av medisinsk-teknisk utstyr, som samlar, brukar og deler store mengder data for diagnostikk og behandling.

Pasienttryggleik, informasjonstryggleik og personvern ligg til grunn for alt vi gjer, enten det er drift av det eksisterande eller utvikling av det nye.

Pandemi, klimaendringar og politisk uro understrekar viktigheita av Helse Vest IKT si rolle knytt til beredskap. Vi arbeider saman med dei andre helseregionane og relevante nasjonale samarbeidspartnarar for å ivareta våre plikter på dette området.

Driftsmiljøa i Helse Vest IKT er langt framme på innovasjon og nytenking. Vi grip moglegheitene i skya der det bidreg til effektiv og robust drift. Automatisering sikrar kostnadseffektiv drift og rett bruk av personell, og vi brukar handlingsrommet i eksisterande leverandørkontrakter og teknologi.

Vi er ein framoverlent samarbeidspartnar i helseføretaka sin digitale transformasjon



Helseføretaka står overfor store utfordringar. Samtidig som det er mangel på helsepersonell, vert pasientane fleire og eldre, og dei har meir samansette sjukdomsbilete og stadig større forventningar til helsetenesta. Teknologi er eit av verkemidla for å levere tenestene på nye måtar. Bruk av digitale verktøy bidreg til ein enklare kvardag for helsepersonell og rett kvalitet i tenestene

Helse Vest IKT er ein framoverlent samarbeidspartnar til den digitale transformasjonen i sjukehusa.

Medarbeidarane våre forstår behova ved å vere tett på helsepersonell i den kliniske kvardagen.

Vi arbeider systematisk med å vere oppdatert på ny teknologi og har ei leiande rolle i føretaksgruppa med å identifisere trendar som kan skape verdi eller utgjere

risiko. Vi brukar dette som grunnlag for å sjå moglegheiter og finne dei gode og brukarvenlege løysingane saman med medarbeidarane i sjukehusa.

I leveranseprosessane har vi fokus på både kva nytte og kva negative konsekvensar leveransane kan ha for sjukehusa. Vi støttar dei i å vere gode brukarar av våre tenester og i å hente ut nytteverdien av det vi leverer. I dette ligg òg å dele dei gode løysingane med heile føretaksgruppa og dei andre helseregionane.

Vi har ein moderne digital grunnmur



For å ivareta sikker, stabil og effektiv drift og understøtte helseføretaka sine behov for å levere helsetenester på nye måtar, har vi ein moderne digital grunnmur. Den gjer det mogleg for sjukehusa å endre seg raskare og er ei verktøykasse for brukarnær utvikling av løysingar som er tilpassa brukarane og passar inn i vårt teknologilandskap.

Vi samarbeider med dei andre helseregionane og nasjonale aktørar om felles komponentar, løysingar og standardar. Vi bidreg til optimalisering og forenkling av applikasjonsporteføljen, og vi fasar fortløpande ut utdatert teknologi som gir høge kostnader, unødig høg ressursbruk eller ikkje-akseptabel risiko.

Skytenester er ein viktig del av den digitale grunnmuren. Skystrategien set tydeleg retning og rammer for bruk av

sky i Helse Vest. Skytenester gir oss rask tilgang på ny teknologi. Det er til dømes enkelt og trygt å utvikle og ta i bruk løysingar med kunstig intelligens.

Enkel og rett tilgang på gode data er ein vesentleg del av grunnmuren. Helse Vest IKT legg til rette for enklare og tryggare deling og gjenbruk av data, inkludert frå medisinsk-teknisk utstyr og anna type utstyr og sensorar. Integrasjonsarkitekturen mogleggjer raskare utvikling, sikrar god IKT- og informasjonstryggleik og gir oss høg fleksibilitet.

Vi lukkast gjennom trygge, engasjerte og kompetente tilsette



Helse Vest IKT er ei kompetansebedrift der leiarane og medarbeidarane er dei viktigaste ressursane våre. Vi har ein unik samansetnad av teknologikompetanse og kjennskap til sjukehusa sine behov.

Helse Vest IKT er ein god arbeidsplass som legg til rette for fagleg og personleg utvikling og ein sunn balanse mellom arbeid og fritid. Vi har ein jobb med mening, og kulturen vår er prega av engasjement, samarbeid og læring på tvers av organisasjonen. Som leiarar og medarbeidarar i Helse Vest IKT veit vi kva som er forventa av oss, og vi får støtte til å lukkast i rollene våre.

I ei verd med rask teknologiutvikling og ressursmangel er vi ein attraktiv arbeidsgjevar med fokus på å tiltrekke oss, utvikle og behalde tilsette. Vi legg vekt på kompetansebygging og skalerer og utviklar

tenestene våre i takt med helseføretaka sine behov. Aktivt samarbeid med helseføretaka og dei andre helseregionane, eller med andre lokale og nasjonale samarbeidspartnarar, bidreg til god bruk av ressursane i sektoren.

Vi jobbar saman i tverrfaglege team for å nytte den samla kapasiteten og kompetansen vår. Organisasjonen legg til rette for at teama lukkast ved å gi dei ansvar og myndigheit til å drive forbetningsarbeid ut frå tydeleg definerte mål og prioriteringar. Helse Vest IKT er ein pådrivar for nye måtar å arbeide på i det regionale digitaliseringsarbeidet.

Kva betyr utviklingsplanen for meg?

Helse Vest IKT er ei kompetansebedrift der dei tilsette er den viktigaste ressursen vår. Vi er alle ansvarlege medarbeidarar, og nokre av oss har i tillegg eit leiaransvar. Godt leiar- og medarbeidarskap er viktig for å gjennomføre samfunnsoppdraget vårt, nå måla våre, og å ha eit godt arbeidsmiljø. Saman brukar vi kompetansen vår målretta og effektivt. Samarbeidet, haldningane og åtferda vår bygger på verdiane våre; påliteleg, engasjert og nyskapande.

Medarbeidarskap handler om korleis den enkelte stiller seg til sine arbeidsoppgåver, kollegaer og arbeidsgjeveren.

Som medarbeidar i Helse Vest IKT veit eg kva som er forventa av meg og tek ansvar for eige arbeid. Eg engasjerer meg i arbeidsplassen min og oppdraget vårt, og eg bidreg aktivt til å nå måla våre.

Eg kjenner behova til helseføretaka godt, tek initiativ, og tilpassar meg nye forventningar frå kundane våre og arbeidsgjevar. Eg har høg fagleg integritet, og har fokus på eiga fagleg og personleg utvikling til det beste for organisasjonen.

I samspel med andre bidreg eg til godt samarbeid og fellesskap, der vi støttar kvarandre, deler av kompetansen vår og lærer av kvarandre. Vi har eit felles ansvar for arbeidsmiljøet vårt og for at vi er ein verdiskapande samarbeidspartnar for helseføretaka.

Leiarskap handlar om å arbeide for å nå mål i samspel med andre.

Som leiar i Helse Vest IKT legg eg til rette for at vi lukkast gjennom, trygge, engasjerte og kompetente medarbeidarar.

Eg skapar engasjement, eigarskap og meining til måla våre. Eg viser tillit, formidlar krav og forventningar og gir anerkjening. Slik bidreg eg til å trygge, motivere og inspirere medarbeidarane mine, både fagleg og personleg, og tek ansvar for vårt felles arbeidsmiljø.

Eg har forståing for faget eg leiar og legg til rette for at medarbeidarane får brukt, utvikla og delt kompetansen sin. Eg fokuserer på relasjons- og teambygging slik at vi saman ser moglegheiter og finn dei gode løysingane.

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 01.12.2023
SAKSHANDSAMAR: Ole Jørgen Kirkeluten og Leif Nordland
SAKA GJELD: **Gjennomgang av styrande dokument for Helse Vest IKT**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **066/23 B**

STYREMØTE: 08.12.2023

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande dokument:
 - a. Styreinstruks for Helse Vest IKT AS
 - b. Vedtekter for Helse Vest IKT AS
 - c. Instruks for adm.dir. i Helse Vest IKT AS
 - d. Etske retningslinjer for føretaksgruppa Helse Vest

Oppsummering

Viser til sak 025/14 i styremøtet 29.04.2014 og til sak 092/16 om «Gjennomgang av styrande dokument for Helse Vest IKT AS».

Fakta

Styrande dokument skal leggest fram for styret årleg. Dei styrande dokumenta ligg i ei eiga mappe i Admincontrol.

Det er gjort ei endring i styrande dokument i 2023; i Styreinstruks, pkt 6.2 er «Styreformann» endra til «Styreleder».

Det er gjort ei endring i styrande dokument i 2023; i Vedtekter, i pkt 6 er daglig leder lagt til (signatur og prokura i tråd med registrert i Altinn).

Kommentarar

I samanheng med etablering av ny styringsstruktur for digitalisering er det vurdert om rolla til styret i Helse Vest IKT er endra i forhold til styreinstruks og styrets ansvar.

Styret har framleis ansvar for hovudoppgåver nemnt i styreinstruks, mellom anna gjennom å vedta Utviklingsplan, sette rammar for operative planar, samt vedta budsjett og rekneskap for Helse Vest IKT.

Styret har framleis ansvar for kontroll- og tilsynsoppgåver nemnt i styreinstruks, mellom anna gjennom risikostyring for IKT-sikkerheit, forsvarleg internkontroll og kvalitetsforbetring av styringssystem, økonomistyring, oppfølging arbeidsmiljø og oppfølging av formelle krav.

I ny områdestruktur vil Digitaliseringsstyret sette prioritering og økonomiske rammar for utvikling, forbetring og forvaltning av nye og eksisterande løysingar, men det vil framleis vere Styret sitt ansvar å ivareta IKT-sikkerheit, operasjonell risiko, god internkontroll, arbeidsmiljø og økonomistyring.

I ein eventuell driftskritisk situasjon vil det framleis vere leiinga i Helse Vest IKT som styrer bruk av ressursar i verksemda for å løyse situasjonen.

Oppdragsdokument frå Helse Vest RHF og oppdragsdokument frå Digitaliseringsstyret til områda vil sette retning, prioritering og rammer for utvikling, forbetring og forvaltning av nye og eksisterande løysingar, inkludert i dette ligg også ny infrastruktur for å understøtte dette. Styret i Helse Vest IKT skal sikre at selskapet leverer i tråd med oppdragsdokumenta, samt sikre at underliggende infrastruktur og løysingar, kundestøtte, ikt-sikkerheit m.v. støtter opp under ønska retning og utvikling. Dette er vurdert å vere tilnærma likt tidlegare styring av Helse Vest IKT, sjølv om føretaka gjennom områdestruktur no skal kome tettare på prioritering av utvikling og forbetningsarbeidet.

Med bakgrunn i dette er det ikkje vurdert som nødvendig å endre Styreinstruks som følge av innføring av ny styringsstruktur for digitalisering.

Administrasjonen har lagt styrande dokument i ei eiga mappe i styreportalen Admin control.

Følgjande styrande dokument vert ved denne saka lagt fram for styret;

- *Vedtekter for Helse Vest IKT AS (ei mindre endring)*
- *Styreinstruks for Helse Vest IKT AS (ei mindre endring)*
- *Instruks for adm. dir. i Helse Vest IKT AS (uendra)*
- *Etiske retningslinjer for føretaksgruppa Helse Vest (uendra)*

Konklusjon

Administrasjonen har med denne saka lagt fram styrande dokument for årleg gjennomgang.

VEDTEKTER

HELSE VEST IKT AS

§ 1 Foretaksnavn

Selskapets foretaksnavn er Helse Vest IKT AS. Selskapet er et aksjeselskap.

§ 2 Forretningskontor

Selskapets forretningskontor er i Bergen kommune.

§ 3 Formål

Selskapet er en integrert del av Helse Vest sin samlede organisasjon, og skal bidra til at helseforetakenes målsetting om å yte gode og effektive spesialisthelsetjenester til brukerne realiseres.

Selskapets formål er å levere IKT-tjenester til alle virksomheter som inngår i foretaksgruppen Helse Vest og tilknyttet virksomhet. Tjenestene skal leveres til en kvalitet og til priser som av bestiller oppfattes som konkurransedyktige. I tillegg kan selskapet levere IKT-tjenester til et eksternt marked innen helsesektoren der dette er naturlig.

Selskapet har ikke erverv til formål.

§ 4 Aksjekapital

Selskapets aksjekapital er NOK 500.000,-, fordelt på 1000 aksjer hver pålydende NOK 500,-. Selskapets aksjer skal ikke registreres i Verdipapirsentralen.

§ 5 Styre

Selskapets styre skal bestå av 11 medlemmer.

Sju styremedlemmer velges av selskapets generalforsamling. Generalforsamlingen fastsetter hvem som skal være styrets leder.

Fire styremedlemmer med varamedlemmer velges av og blant de ansatte.

§ 6 Signatur og prokura

Selskapets firma tegnes av styrets leder og/eller daglig leder.

§ 7 Daglig leder

Selskapet skal ha en daglig leder som tilsettes av styret.

§ 8 Ordinær generalforsamling

Ordinær generalforsamling skal avholdes innen 6 måneder etter utgangen av hvert regnskapsår. Generalforsamling kan avholdes det sted Helse Vest RHF måtte bestemme.

På den ordinære generalforsamling skal følgende saker behandles og avgjøres:

1. Godkjenning av årsregnskapet og årsberetningen.
2. Andre saker som etter loven eller vedtektene hører under generalforsamlingen.

§ 9 Utbytte og omsetning

Det kan ikke deles ut utbytte til aksjeeier, verken etter reglene for utbytte eller innløsning av enkeltaksjer, med unntak for tilbakebetaling av innskutt aksjekapital og overkurs.

Ved en eventuell oppløsning av selskapet, skal selskapets eventuelle midler etter at all gjeld er dekket og etter at aksjeeier har fått tilbake den innskutte kapital, anvendes i samsvar med de formål som er nevnt under punkt 3.

* * *

STYREINSTRUKS

FOR

HELSE VEST IKT AS

*Godkjent i sak 025/14 i styremøte 29.04.2014
Sist gjennomgått i sak 092/19 i styremøte 13.12.2019*

Innholdsfortegnelse

1	Innledning.....	3
2	Selskapets organer	3
2.1	Selskapets generalforsamling.....	3
2.2	Selskapets styre	3
2.3	Daglig leder	3
3	Styrets oppgaver	3
3.1	Formålet med styrets arbeid	3
3.2	Styrets hovedoppgaver	4
3.3	Årsplan for styrearbeidet.....	5
4	Saksbehandlingsregler	5
4.1	Forberedelse av saker	5
4.2	Innkalling til styremøte	5
4.3	Møteform.....	5
4.4	Rett og plikt til å delta på styremøte	6
4.5	Møteleder	6
4.6	Beslutningsdyktighet.....	6
4.7	Protokollførsel.....	6
4.8	Informasjon fra styremøte	6
5	Styrets sammensetning	6
5.1	Styrets medlemmer.....	6
5.2	Habilitet.....	7
5.3	Taushetsplikt og etikk	7
5.4	Lojalitet	7
6	Styrets plikter i forhold til generalforsamlingen.....	7
6.1	Innkalling til generalforsamling	7
6.2	Møteplikt	7
7	Selskapets representasjon	7
8	Daglig leder.	7
8.1	Daglig leders oppgaver og plikter overfor styret.	7
9	Endring av styreinstruksen	8
10	Varighet.....	8

1 Innledning

Styreinstruksen beskriver i henhold til aksjeloven (AL) § 6-23 rammer for styrets arbeid. Den omhandler styrets ansvar, strategiske funksjon, saksbehandling og oppgaver i tilknytning til oppfølging av daglig drift.

I samsvar med AL inneholder styreinstruksen også regler om hvilke saker som skal styrebehandles, samt daglig leders arbeidsoppgaver og plikter overfor styret.

I tillegg til styreinstruksen er styret bundet av de regler som følger av lov, vedtekter eller instruks fra selskapets generalforsamling.

Styreinstruksen ble første gang vedtatt av selskapets styre den 10. desember 2004.

2 Selskapets organer

2.1 Selskapets generalforsamling

Gjennom generalforsamlingen utøver aksjeeier Helse Vest RHF den øverste myndighet i selskapet.

Styret i Helse Vest RHF vedtar hvem som skal møte i generalforsamling på vegne av aksjeeier. Dersom oppgaven tildeles en person(er) som ikke har signaturrett for Helse Vest RHF, skal vedkommende utstyres med en skriftlig og datert fullmakt.

Styreleder og daglig leder i selskapet skal være til stede på generalforsamlingen. De har rett til å uttale seg, men har ikke stemmerett.

2.2 Selskapets styre

Forvaltningen av selskapet hører under styret som har ansvaret for en tilfredsstillende organisering av selskapets samlede virksomhet. Styret må forholde seg til de instruks og krav som Helse Vest RHF stiller gjennom vedtak i generalforsamlingen.

Styret utgjør sammen med daglig leder foretakets ledelse.

2.3 Daglig leder

Den daglige driften av selskapet utøves av daglig leder som ansettes av styret. Styret skal føre tilsyn med daglig leder og fastsette instruks for denne. Styret fastsetter daglig leders lønn og kan treffe vedtak om å si opp eller avskjedige daglig leder.

3 Styrets oppgaver

3.1 Formålet med styrets arbeid

Styret er ansvarlig for ledelsen av selskapets virksomhet. Selskapets virksomhet skal følge det som er omtalt som formålet med virksomheten i vedtekten § 3 og rammebetingelser gitt av eierne gjennom uttalelser på generalforsamlinger.

Selskapets vedtekter § 3 har følgende ordlyd:

”Selskapet er en integrert del av Helse Vest sin samlede organisasjon, og skal bidra til at helseforetakenes målsetting om å yte gode og effektive spesialisthelsetjenester til brukerne realiseres.

Selskapets formål er å levere IKT-tjenester til alle virksomheter som inngår i foretaksgruppen Helse Vest og tilknyttet virksomhet. Tjenestene skal leveres til en kvalitet og til priser som av bestiller oppfattes som konkurransedyktige. I tillegg kan selskapet levere IKT-tjenester til et eksternt marked innen helsesektoren der dette er naturlig.

Selskapet har ikke erverv til formål.”

Styrearbeidet skal i ethvert henseende ivareta de interesser som tjener selskapet best.

3.2 Styrets hovedoppgaver

Styrets skal iht. AL §§ 6-12, 6-13 sørge for forsvarlig forvaltning av selskapet, og ivareta sitt tilsynsansvar for at så skjer. Til dette hører styrets ansvar for å sikre at selskapet arbeider etter fastsatte planer og budsjetter, og er forsvarlig organisert. Videre plikter styret å holde seg orientert om selskapets økonomiske stilling, påse at selskapets virksomhet, regnskap og formuesforvaltning er under betryggende kontroll, og for øvrig føre tilsyn med den daglige ledelse og selskapets virksomhet for øvrig .

Styrets hovedoppgaver vil i så måte kunne konkretiseres og oppsummeres til følgende 4 områder:

Strategioppgaver

- Fastsetting av mål for virksomheten
- Strategiske planer for å realisere målene
- Hovedrammer for operative planer
- Virksomhetsplan
- Budsjett

Kontroll-/tilsynsoppgaver

- Fastsetting av risikoprofil, og ivaretagelse av betryggende risikostyring
- Sikring av forsvarlig intern kontroll og god formuesforvaltning
- Økonomirapporter. Regnskapsrapporter. Analyse. Budsjettstyring.
- Rapporter fra revisor
- Kundetilfredshet
- Arbeidsmiljø
- Formelle krav. Lover, regler, retningslinjer o.l.

Organiseringsoppgaver

- Overordnet organisering av virksomheten.

Egenoppgaver

- Styrets egenvurdering (evaluering)
- Evaluering av daglig leder

Styret er ansvarlig for rapportering til Helse Vest RHF i henhold til de til enhver tid gjeldende retningslinjer.

3.3 Årsplan for styrearbeidet

Første styremøte etter ordinær generalforsamling skal sette opp en årsplan for styrearbeidet for perioden frem til ordinær generalforsamling året etter.

Årsplanen skal ha en møteplan som tilfredsstillende lovens krav og ivaretar selskapets interesser.

Følgende saker behandles årlig og settes inn i årsplanen:

1. Utarbeidelse av markeds- og strategiplan på års- og langsiktig – 3 års – basis.
2. Organisasjonsplan.
3. Budsjett for drift, investeringer, likviditet og finansiering.
4. Internkontrollrapport, herunder helse, miljø og sikkerhet (HMS) – fortrinnsvis om høsten.
5. Årsregnskap og årsberetning. (innen 30. april hvert år).
6. Forslag til valg av nytt styre (for diskusjon av ønske om ny kompetanse).
7. Protokollgjennomgang.

4 Saksbehandlingsregler

4.1 Forberedelse av saker

Daglig leder forbereder i samråd med styreleder de saker som skal forelegges for styret.

4.2 Innkalling til styremøte

Styrelederen innkaller til styremøtene. Styremedlemmer og daglig leder kan dog anmode styrelederen om å innkalle til styremøte.

Det skal gis skriftlig innkallelse til styremøte, gjennom e-post/post, med minst 1 -en- ukes varsel fra innkallingsbrevets dato hvis ikke styreleder finner at det av presserende grunner må gis kortere varsel.

Alle styremedlemmer skal så vidt mulig gis anledning til å delta i styremøtene.

I innkallelsen skal dagsorden fremkomme. Styreleder skal konferere med daglig leder før innkallelsen sendes ut. Som bilag til innkallelsen skal vedlegges nødvendig dokumentasjon i forbindelse med de enkeltsaker som skal behandles. Det skal også fremgå hvem som skal redegjøre for saken på styremøtet. Dokumentasjonen skal være så konkret og kortfattet som mulig. I saker som krever vedtak fra styret, skal forslag til vedtak fremlegges.

Innkallelsen med saksdokumenter skal også sendes styrets varamedlemmer.

4.3 Møteform

Ordinær styrebehandling skal gjennomføres i møte. Styremøtene er åpne. Det gis dog anledning til å lukke møtene under behandling av saker som på grunn av sakens karakter kan unntas offentlighet.

Dersom tungtveiende grunner gjør det nødvendig og styrelederen finner det forsvarlig, kan styremøte gjennomføres ved at saken(e) forelegges styremedlemmene skriftlig eller behandles på annen betryggende måte. Dersom et styremedlem eller daglig leder krever møtebehandling, skal likevel behandlingen skje i møte.

Selskapets årsberetning, årsregnskap, strategisk plan og budsjett skal alltid behandles i møte.

4.4 Rett og plikt til å delta på styremøte

Alle styremedlemmer skal, om mulig, gis anledning til å møte. Hvis ett eller flere styremedlemmer ikke er gitt anledning til å møte, kan beslutninger tatt på møtet underkjennes. At varamedlem møter som stedfortreder, endrer ikke gyldigheten av beslutningen i et slikt tilfelle.

Daglig leder har rett og plikt til å delta på styremøte, samt rett til å uttale seg. Styret kan unntaksvis utelukke daglig leder fra behandlingen av en enkelt sak, hvis sakens karakter tilsier dette.

Andre fra ledelsen kan møte ved behandling av enkeltsaker dersom daglig leder ønsker det.

Revisor møter i styret en gang i året, under behandling av årsregnskapet om våren.

4.5 Møteleder

Styremøtene ledes av styreleder. Er ikke styreleder til stede, velger styret selv en møteleder.

4.6 Beslutningsdyktighet

Styret kan treffe beslutning når mer enn halvparten av samtlige styremedlemmer (evt. varamedlemmer) deltar i møtet.

En beslutning krever at flertallet av de styremedlemmer som deltar i behandlingen av en sak har stemt for. Ved stemmelikhet gjelder det styrelederen har stemt for (styreleders dobbeltstemme). De som har stemt for et forslag som innebærer en endring i den etablerte tilstanden i selskapet, må likevel alltid utgjøre mer enn en tredel av samtlige styremedlemmer.

4.7 Protokollførsel

Styret plikter å dokumentere sin saksbehandling gjennom formell protokollførsel. Det vises til AL § 6-29 for nærmere presisering av formkravene til protokollen. Protokoll skal underskrives av samtlige styremedlemmer.

4.8 Informasjon fra styremøte

Styrets leder uttaler seg på vegne av styret om ikke annet er spesielt avtalt. De ansatte skal informeres om styrevedtak av betydning eller interesse for de ansatte på hensiktsmessig måte så snart som mulig etter at styremøtet er avholdt. Ansvar for dette påhviler styrets leder, som kan delegere denne oppgaven til daglig leder.

5 Styrets sammensetning

5.1 Styrets medlemmer

Selskapets styre skal bestå av 11 styremedlemmer inklusiv styrets leder.

7 styremedlemmer velges av selskapets generalforsamling som også fastsetter hvem som skal være styrets leder.

4 styremedlemmer med varamedlemmer velges av og blant de ansatte.

5.2 Habilitet

Et styremedlem må ikke delta i behandlingen eller avgjørelsen av spørsmål som har betydning for personlige eller økonomiske interesser for egen eller for noen nærstående del, eller som på annen måte er egnet til å svekke tilliten til medlemmets upartiskhet.

5.3 Taushetsplikt og etikk

Styret har taushetsplikt når det gjelder kunnskap det får om selskapet og selskapets virksomhet. Taushetsplikten gjelder ikke opplysninger som noen krever med hjemmel i lov. I en slik situasjon skal styrets leder informeres.

Det er styrets ansvar å sørge for at ansatte og andre personer som får kunnskap om selskapet og selskapets virksomhet, er gjort kjent med at de er undergitt taushetsplikt.

Styret skal sørge for at det blir etablert etiske normer knyttet til minst følgende eksterne forhold:

- Leverandørrelasjoner og innkjøp
- Helse, miljø og sikkerhet
- Håndtering av interessekonflikter
- Konfidensialitet

5.4 Lojalitet

Styremedlemmene skal til enhver tid opptre i tråd med de retningslinjer som er gjort gjeldende av styret og generalforsamlingen og som ellers følger av god styringsskikk.

Styrearbeidet skal være en prioritert oppgave for styremedlemmene, og skal utføres under behørig iaktakelse av nødvendigheten av å sette selskapet og dets interesser i sentrum.

6 Styrets plikter i forhold til generalforsamlingen

6.1 Innkalling til generalforsamling

Styret innkaller generalforsamlingen til dens møter.

6.2 Møteplikt

Styreleder og daglig leder plikter å møte i generalforsamlingen – hvor de har uttalerett.

7 Selskapets representasjon

Det er fastsatt i selskapets vedtekter § 6 at selskapets firma tegnes av styreleder.

I tillegg har daglig leder fullmakt til å tegne firma i saker innenfor daglig ledelse.

For øvrig kan styret tildele prokura.

8 Daglig leder.

8.1 Daglig leders oppgaver og plikter overfor styret.

Daglig leder står for den daglige ledelse av selskapets virksomhet og skal følge de retningslinjer og pålegg styret har gitt. Den daglige ledelse omfatter ikke saker som etter

selskapets forhold er av uvanlig art eller stor betydning. Slike saker skal forelegges styret, og eventuelt selskapets generalforsamling.

Daglig leder kan ellers avgjøre en sak etter fullmakt fra styret i det enkelte tilfellet eller når styrets beslutning ikke kan avvendes uten vesentlig ulempe for selskapet. Styret skal snarest underrettes om avgjørelsen.

Daglig leder skal sørge for at selskapets regnskap er i samsvar med lov og forskrifter, og at formuesforvaltningen er ordnet på en betryggende måte.

Daglig leder skal, etter de frister styret måtte fastsette, dog minst hver tredje måned, gi styret en skriftlig redegjørelse med underretning om selskapets virksomhet, stilling og resultatutvikling. Redegjørelsen skal vedlegges tilstrekkelig regnskapsmessig dokumentasjon o.a. til å gi styret en tilfredsstillende orientering i så måte.

Daglig leder skal ved avgivelse av hver slik redegjørelse vurdere om egenkapitalen tilfredsstillende lovens krav, aksjeloven §§ 3-4 og 3-5.

Styret skal etablere instruks for daglig leder.

9 Endring av styreinstruksen

Styreinstruksen kan endres av styret ved vanlig flertallsbeslutning.

10 Varighet.

Denne styreinstruks trer i kraft fra og med dato for styrets vedtakelse, jfr. ovenfor.

INSTRUKS FOR
FOR
ADM. DIR.
i
HELSE VEST IKT AS

Godkjent av styret i styremøte 29.04.2014
Sist gjennomgått i sak 092/19 i styremøte 13.12.2019

Innholdsfortegnelse

1	Formål med instruksen.....	3
2	Overordna rolleavklaring.....	3
3	Administrerende direktør si myndighet.....	3
4	Administrerende direktør sine oppgaver.....	3
4.1	Overordna føringar.....	3
4.2	Hovudoppgåver.....	3
4.2.1	<i>Strategisk planlegging, samordning av oppgåver og budsjettering</i>	4
4.2.2	<i>Rekneskap</i>	4
4.2.3	<i>Rapportering</i>	4
4.3	Saksførebuing.....	4
4.3.1	<i>Styremøter</i>	4
4.4	Generalforsamling.....	4
4.5	Samarbeid med andre.....	4
4.6	Kommunikasjon og openheit.....	5
4.7	Personal og organisasjon.....	5
4.8	Samfunnsansvar og etikk.....	5
5	Resultatkrav og evaluering av administrerende direktør.....	5

INSTRUKS FOR ADMINISTRERANDE DIREKTØR I HELSE VEST IKT AS

1 Formål med instruksen

Denne instruks omhandler rammene for administrerende direktør sitt arbeid og definerer ansvar, oppgaver, plikter og rettigheter. Instruksen bygger på aksjelova og vedtektene for Helse Vest IKT AS.

2 Overordna rolleavklaring

Styret fastset strategiar og rammer for Helse Vest IKT AS. Administrerende direktør si rolle er å utvikle og iverksetje strategiar og handlingsplanar på lang og kort sikt i samsvar med styret sine beslutningar og instruksar, samt å følgje desse opp.

Styret tilset administrerende direktør og fastset lønn og andre tilsetjingsvilkår. Styret skal føre tilsyn med administrerende direktør sitt arbeid og kan fastsetje instruks for denne. Styret gjer vedtak om å seie opp eller avskjedige administrerende direktør.

Administrerende direktør deltek på styremøta med mindre særlege grunnar tilseier noko anna. Administrerende direktør har tale- og forslagsrett i styremøta og kan krevje at styret vert samankalla i møte.

3 Administrerende direktør si myndigheit

Administrerende direktør utøver den daglege leiinga av Helse Vest IKT AS og skal følgje dei retningslinjer og pålegg som styret har gitt.

Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som etter forholda i selskapet er av uvanleg art eller av stor betydning. Administrerende direktør pliktar å føreleggja slike saker for styret. Dersom det vil medføre vesentleg ulempe for selskapet si verksemd å avvende vedtak i styret, kan dagleg leiar avgjere slike saker. Styret må i slike tilfelle bli underretta om saka snarast råd. Den nærmare avgrensinga av myndigheita til administrerende direktør i forhold til styret, kan styret, om det er ønskeleg, fastsetje i eigen fullmaktsmatrise.

Administrerende direktør representerer selskapet utad i saker som fell inn under hans myndigheit. Dette inneber at administrerende direktør representerer selskapet utad i saker som høyrer inn under den daglege leiinga i selskapet.

4 Administrerende direktør sine oppgaver

4.1 Overordna føringar

Administrerende direktør skal arbeide for at Helse Vest IKT AS utfører sine hovudoppgåver i samsvar med vedtektene § 3 og oppdragsdokument frå Helse Vest RHF. Administrerende direktør skal vidare, i samsvar med måla nedfelt i overordna styregodkjent forretningsplan for selskapet, aktivt bidra til å sikre vidareutvikling av selskapet.

4.2 Hovudoppgåver

Administrerende direktør sine hovudoppgåver følgjer naturleg av rolla som dagleg leiar av Helse Vest IKT AS, jfr. aksjelova § 6-2. Nedanfor er ei oversikt over hovudoppgåver som inngår i ansvaret til administrerende direktør:

4.2.1 *Strategisk planlegging, samordning av oppgaver og budsjettering*

Administrerende direktør skal innan rammene fastsett av styret, sørge for at det for selskapet vert gjennomført felles langsiktig strategisk planlegging, samordning av oppgaver og budsjettering.

4.2.2 *Rekneskap*

Administrerende direktør skal sørge for at selskapet si registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar er i samsvar med lov og forskrifter og at formuesforvaltninga er ordna på betryggande måte, jf. aksjelova § 6-14, siste ledd.

4.2.3 *Rapportering.*

a) Informasjon til styret:

Administrerende direktør har plikt til å informere styret om selskapet si verksemd, stilling og resultatutvikling. Minst kvar 4. månad (tertial) skal administrerende direktør gi styret skriftleg rapport om situasjonen i Helse Vest IKT AS, jfr. aksjelova § 6-15. Rapporten skal innehalda både økonomiske og ikkje-økonomiske forhold.

På kvart styremøte skal det orienterast om selskapet sin økonomiske og driftsmessige situasjon. Styret har til eikvar tid rett til å krevje at administrerende direktør gir styret informasjon både av generell art og i saker av særskilt interesse. Tilsvarande har administrerende direktør ansvar for å halde styret informert om vesentlege forhold så vel internt som eksternt, jf. punkt 3.

b) Årleg melding til eigar

Administrerende direktør skal utarbeide forslag til årleg melding til eigar (Helse Vest RHF), som styret i Helse Vest RHF pliktar å levere til departementet i samsvar med helseføretakslova § 34 og vedtektene for Helse Vest RHF § 15.

c) Årsmelding og årsrekneskap

Administrerende direktør skal utarbeide forslag til årsmelding og årsrekneskap til styret. Administrerende direktør har ansvar for at årsmelding og årsrekneskap blir sendt føretaksregisteret.

4.3 **Saksførebuing**

4.3.1 *Styremøter*

Styreleiar har det formelle ansvaret for styrebehandlinga av sakene. Saksliste vert sett opp av styreleiar i samråd med administrerende direktør. Administrerende direktør førebur sakene til styremøtet i samråd med styreleiar. Administrerende direktør føretekk innkalling til styremøta i samråd med styreleiar.

Styreprotokollen skal førast i tråd med offentlegheitslova og krava til meiroffentlegheit.

4.4 **Generalforsamling**

Administrerende direktør pliktar å møte i generalforsamling i Helse Vest IKT og har rett til å uttale seg i møtet. Ved lovleg forfall møter stedfortredar.

4.5 **Samarbeid med andre**

Administrerende direktør skal aktivt tilrettelegge for samarbeid i regionen, slik at ein totalt sett oppnår ein føremålstenleg og rasjonell ressursutnyttelse. Administrerende direktør skal

også bidra til samarbeid med andre regionale helseføretak og andre regionale IKT-einigar eigd av desse, når dette er eigna til å fremje formålet til Helse Vest RHF, helseføretak i Helse Vest eller Helse Vest IKT AS og å nå nasjonale helsepolitiske målsettingar.

4.6 Kommunikasjon og openheit

Administrerande direktør har ansvar for at det vert utvikla system, rutinar og haldningar som tilrettelegg for openheit og innsyn og som er eigna til å byggje tillit til og styrke omdømmet til verksemda. I dette arbeidet skal lova om offentlegheit og krava til meiroffentlegheit leggjast til grunn.

4.7 Personal og organisasjon

Administrerande direktør har ansvaret for at Helse Vest IKT til eikvar tid er organisert i forhold til dei samla oppgåvene og har ein samla kompetanse som sikrar at oppgåvene vert ivaretekne på ein god måte.

Administrerande direktør har ansvar for at det vert utvikla system, rutinar og haldningar som sikrar at krava til helse, miljø og sikkerheit vert ivaretekne og at det blir tilrettelagt for eit godt arbeidsmiljø. Dette omfattar også samfunnsansvaret nevnt under pkt. 4.8.

Administrerande direktør har ansvaret for at det vert etablert organisasjonskart som klargjer rolle og ansvar til den enkelte medarbeidar, og fullmaktsstrukturar som sikrar at det er klarheit omkring fullmaktsforhold.

4.8 Samfunnsansvar og etikk.

I staten sin eigarskapspolitikk er det formulert forventningar om samfunnsansvar innafor 4 hovudområde knytt til menneskerettigheiter, arbeidstakarrettigheiter, førebygging mot korrupsjon samt klima og miljø. Administrerande direktør har ansvar for korleis den samla verksemda påverkar desse områda både gjennom kjøp av varer og tenester og som direkte effekt av eiga verksemd, og må difor sørge for at det er etablert gode rutinar og retningslinjer for å ivareta dette ansvaret.

Det er uttrykt klar forventning til at statleg eigde verksemdar har etablert etiske retningslinjer som del av samfunnsansvaret sitt. Administrerande direktør har ansvar for at verksemda har etablert etiske retningslinjer som er kjende og som alle tilsette føreheld seg til.

5 Resultatkrav og evaluering av administrerande direktør

Styret skal ein gong årleg gjennomføre evaluering av administrerande direktør. Styret kan etablere årlege resultatkrav til administrerande direktør. Styreleiar skal årleg ha ein leiarsamtale med administrerande direktør.

Etiske retningslinjer for føretaksgruppa Helse Vest

0 Generelt

Vi i føretaksgruppa Helse Vest (heretter kalla Helse Vest)¹ har ansvar for å yte spesialisthelsetenester til befolkninga på Vestlandet. Dei etiske retningslinjene tek utgangspunkt i verdiane våre og i gjeldande lov- og regelverk.

Verksemnda vår skal vere kjenneteikna av høg etisk standard. Dei etiske retningslinjene skal vere til hjelp i vanskelege situasjonar som vi kan møte i arbeidet vårt i Helse Vest. Det kan vere i situasjonar som gjeld oss som fagperson, kollega eller leiar. Dersom vi er i tvil, skal vi ta opp spørsmål om etiske dilemma med leiaren eller kollegaer. Vi vil ofte ha nytte av å bruke tid på vanskelege avgjerder.

Dei etiske retningslinjene gjeld for alle medarbeidarar i Helse Vest. Dette omfattar mellombels tilsette og personar som utfører oppdrag på vegner av helseføretaka eller Helse Vest IKT AS.

1 Vi som arbeider i Helse Vest

Vi skal kjenne verdiane til Helse Vest og leggje dei til grunn for arbeidet vårt.

- Vi opptrer profesjonelt og med respekt, og vi er høflege og opne.
- Vi avstår frå handlingar som klart kan svekkje tilliten til helsetenestene.
- Vi er bevisste på etiske problemstillingar i helsetenestene generelt og pasientbehandlinga spesielt, både faglege problemstillingar og problemstillingar som gjeld menneskerettar, arbeidslivsstandard, miljø og korrupsjon.
- Det er vårt ansvar som leiar, medarbeidar og kollega å medverke til å halde ein høg etisk standard, òg i høve til samarbeidspartnarar.
- Som medarbeidarar i Helse Vest har vi lovpålagd teieplikt og skal signere teielovnaden til føretaka. Lovnaden gjeld òg ved all bruk av IKT-systema. Vi behandlar sensitiv informasjon med aktsemd og lojalitet, òg i situasjonar der vi ikkje har teieplikt.
- Vi følgjer IKT-sikkerhetsinstruksjonen for Helse Vest.
- I Helse Vest melder vi frå om uønskte hendingar og avvik til leiaren og registrerer dei i datasystemet Synergi. Teieplikta er ikkje eit hinder for å melde frå om forsømingar og andre uhaldbare eller lovstridige forhold.

¹ Føretaksgruppa Helse Vest består av Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF, Helse Stavanger HF, Sjukehusapoteka Vest HF, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF.

1.1 Møtet med kollegaer og leiarar

Som medarbeidarar i føretaksgruppa Helse Vest skal vi bidra til eit godt arbeidsmiljø og behandle kollegaene våre med respekt og omtanke.

1.2 Lojalitet

Lojalitet betyr at vi opptre etisk, lovleg og i tråd med verdiane våre. Vi skal opptre slik at vi bidreg til å ivareta føretaket sine interesser og omdømme. I lojaliteten ligg òg at vi melder frå om kritikkverdige forhold til rette instansar.

1.3 Rapporterings- og varslingsplikt

Vi pliktar å melde frå til arbeidsgivaren om forhold vi blir kjende med som kan påføre pasientar, arbeidsgivar, medarbeidarar eller omgivnadene tap eller skade, slik at det kan setjast i verk tiltak for å unngå eller avgrense tapet eller skaden.

Dersom vi oppdagar svikt i tenestene eller i behandlinga og pleia av pasientar, pliktar vi å ta det opp med den nærmaste overordna og elles følgje dei etablerte rutinane som gjeld for verksemda.

Vi skal følgje reglane om plikt til fråhald. Bruk av alkohol eller andre rusmiddel er ein trussel for kvaliteten på arbeidet som skal utførast, for pasientbehandlinga og tryggleiken mellom kollegaer. Vi skal varsle nærmaste overordna dersom vi oppdagar at ein kollega er påverka av alkohol eller andre rusmiddel i arbeidstida.

Mobbing eller trakassering av kollegaer skal ikkje skje. Vi pliktar å melde frå til leiar eller verneombod om kollegaer blir utsette for trakassering eller diskriminering.

1.4 Bierverv

Vi pliktar å informere den nærmaste overordna dersom vi har lønna eller ulønna arbeid utanfor helseføretaket, har styreverv eller eigarskap i ei anna verksemd eller har oppdrag for andre / ei anna verksemd. Vi treng ikkje å registrere bierverv som er utan betydning for forsvarleg tenesteutøving i helseføretaket, og der det ikkje er tvil om habiliteten vår. Vi pliktar å halde opplysningar om rollene vi har utanfor helseføretaket, oppdaterte i føretaket sitt system for registrering av bierverv. Leiaren skal godkjenne eventuelle bierverv innanfor rammene av dei regionale retningslinjene og tilhøyrande rettleiing.

1.5 Opplæring og etterutdanning

Spesialisthelsetenestelova § 3-10 seier at opplæring, etterutdanning og vidareutdanning for helsepersonell er arbeidsgivaren sitt ansvar. Vi skal ikkje ta imot støtte frå leverandørar eller andre

kommersielle aktørar som kan påverke vår habilitet i forbindelse med kurs, konferansar og kongressar.

2. Møtet med pasienten

Som medarbeidarar i Helse Vest skal vi utføre arbeidet vårt i samsvar med dei krava til fagleg forsvarlegheit og omsorgsfull hjelp som vi kan vente ut frå kvalifikasjonane våre, arbeidet sin karakter og situasjonen elles.

Vi skal behandle alle pasientane våre med medmenneskelegheit og respekt. Vi skal opptre profesjonelt og ikkje involvere oss personleg med pasientane, og vi skal heller ikkje ta imot gåver eller andre fordelar for oss sjølve eller andre som er eigna til å påverke handlingane våre.

Vi kan i vanskelege etiske problemstillingar knytt til pasientbehandlinga kontakte den kliniske etikkomiteen for å få råd.

2.1 Rettane til pasienten

Pasienten har rett til å få informasjon om si eiga helse, og han eller ho skal kunne vere trygg på at vi held teieplikta vår. Pasienten har rett til å medverke ved si eiga behandling og skal samtykkje til denne, jf. reglane i pasient- og brukarrettslova.

Vi har alle ansvar for å leggje forholda til rette for ei verdig avslutning på livet for pasientar i livets slutfase. Det inneber at behandling og pleie skal leggjast opp slik at pasienten unngår unødig smerte, og at dei psykiske og åndelege behova kan bli dekte på ein best mogleg måte.

2.2 Prioritering

Dei daglege prioriteringane er ein del av etikken. Retningslinjer, rettleiarar og refleksjon skal sikre at vi bruker ressursane rett på alle områder slik at det verkeleg er dei sjukaste pasientane og dei som vil ha mest nytte av helsehjelpa som blir prioriterte (jf. Prioriteringsforskrifta). Korleis prioriterer vi når nye og spennande behandlingsmetodar eller medikament står klare til å bli tekne i bruk i staden for andre tiltak? I Helse Vest skal vi sikre ein etisk forsvarleg bruk av dei ressursane samfunnet har sett oss til å forvalte på best mogleg måte for pasientane.

3. Forsking

Som forskarar i føretaksgruppa Helse Vest har vi plikt til å verne om livet, helse, privatlivet og verdigheita til personar som deltek i forskingsprosjekt. Vi må vurdere risikoen i prosjekta på ein realistisk måte.

Ingen skal starte medisinsk eller helsefagleg forskning utan godkjenning frå Den regionale komiteen for medisinsk og helsefaglig forskningsetikk vest (REK vest), og vi skal følgje retningslinjene REK fastset.

Velferda til dyr som blir brukte i forskning, skal òg respekterast. Retningslinjene til dei nasjonale forskningsetiske komiteane gjeld for all forskning i Helse Vest.

4 Tillit til helsetenestene

Som medarbeidar i Helse Vest er vi bundne av habilitetsreglane i forvaltingslova (forvaltingslova kapittel II, § 6 f.). Vi skal ikkje ta imot gåver, tenester eller økonomiske fordelar som kan påverke forholdet til leverandørane. Mindre gåver som blomar, og andre mindre gåver, for eksempel i samband med høgtider, kan akseptast så lenge dei ikkje er knytte til direkte innkjøpsavtalar. Vi viser til samarbeidsavtalen mellom Helse Vest RHF og Leverandørforeningen for Helsesektoren (LFH) og til samarbeidsavtalen mellom Helse Vest RHF og Legemiddelindustriforeningen (LMI).

4.1 Innkjøp

Det er etablert etiske retningslinjer for innkjøp som gjeld alt arbeid med innkjøp innanfor Helse Vest. Retningslinjene for innkjøpsarbeidet skal skape tillit og tryggje omdømmet til verksemda.

4.2 Initiativ for etisk handel

Føretaksgruppa Helse Vest er medlem av IEH (Initiativ for etisk handel) og har plikt til å følgje prinsippklæringa og retningslinjene til IEH. Formålet til IEH er samarbeid for handel som sikrar menneskerettar, arbeidstakarrettar, utvikling og miljø.

4.3 Miljø og klima

Helse Vest har eit spesielt ansvar innanfor miljøsertifisering i kraft av å vere blant dei største verksemdene på Vestlandet. Vi arbeider for å oppfylle dei nasjonale miljø- og klimamåla. Vi skal vere bevisste på kva konsekvensar åtferd og avgjerder kan få for miljøet. Miljøvurderingar og miljøkostnader skal inkluderast i alle avgjerder.

4.4 Etisk rekruttering

Føretaksgruppa Helse Vest følgjer dei globale retningslinjene til WHO for internasjonal rekruttering av helsepersonell. WHO tilrår ikkje å rekruttere helsepersonell frå utviklingsland som har kritisk mangel på helsepersonell. Helse Vest ventar at alle samarbeidspartnarar og leverandørar legg tilsvarende etiske standardar til grunn.